

Budsjett for Meland kommune 2016



Side 1 – 47: Rådmannen sitt framlegg og kommentarar til budsjett 2016

Side 48: Framlegg til vedtak budsjett 2016

Vedlegg: **1. Økonomiske oversikter**

- Driftsregnskap
- Investeringsregnskap
- Anskaffing og bruk av midlar
- Budsjettkjema 1 A - Drift
- Budsjettkjema 2 A – Investering
- Budsjettkjema 1 B – Drift
- Budsjettkjema 2 B – Investering

2. Oversikt planar, ref. kap. 13.3

- Planar og utgreiingar 2. halvår 2015
- Private reguleringsplanar 2. halvår 2015

Innhold:

1.	Innleiing	4
2.	Utvikling i folketal	5
3.	Økonomiske nøkkeltal Meland kommune	6
3.1.	Inntektsnivå	6
3.2.	Kostnad til administrasjon	7
3.3.	Skule	7
3.4.	Barnehage	7
3.5.	Pleie og omsorg / helse	8
4.	Investeringsnivå og lånekapasitet	9
5.	Framlegg til statsbudsjettet for 2016 av 7. okt. 2015 - Kommuneopplegget – oppsummering av hovudpunkt	11
5.1.	Hovudpunkt i kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2016	11
5.2.	Vekstskot	12
5.3.	Realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2015	12
5.4.	Reduksjon i rammeoverføring vert gjeve for følgjande:	12
5.5.	Auke i rammeoverføring gjeve for nye oppgåver slik:	13
5.6.	Andre satsingsområde / endringar for kommunane i statsbudsjettet:	13
5.7.	Inntektsutjamninga	13
5.8.	Skjønstilskot	14
5.9.	Kommunereform	14
6.	Oppsummering av budsjettframlegget for 2016	14
6.1.	Generelle kommentarar	14
6.2.	Budsjettframlegg for 2016 fordelt per tenesteområde samanlikna med økonomiplanen for 2016-2019	15
6.3.	Reservert lønnsoppgjer	16
6.4.	Utfordringar knytt til flyktningesituasjonen	16
7.	Kommentar til netto finanspostar, skatt og rammetilskot:	17
7.1.	Skatt og rammetilskot	17
7.2.	Andre finanspostar inkl. eigedomsskatt	19
7.3.	Skatteøre eigedomsskatt	19
7.4.	Renter og avdrag	19
8.	Driftsendringar i budsjettet for 2016	20
9.	Kommentarar frå administrative einingar	21
9.1.	Stab/Rådmannskontor	21
9.2.	Økonomikontor	21
9.3.	IKT	22
9.4.	Interkommunalt Brannvern	22
9.5.	Rådgjevarstabben ekskl. private barnehagar	22
9.6.	Private barnehagar	22
9.7.	Kommunal Barnehagedrift	25
10.	Skulesektoren generelt	26
10.1.	Grasdal skule	26
10.2.	Meland Ungdomsskule	26
10.3.	Rossland skule	27

10.4.	Sagstad skule	27
10.5.	Vestbygd skule.....	28
11.	Helse, NAV, Barnevern, Sjukeheimen og Heimetenesta	29
11.1.	Helse	29
11.2.	NAV / Sosiale tenester.....	30
11.3.	Flykningar / innvandrarar	30
11.4.	Barnevern	30
11.5.	Meland sjukeheim	30
11.6.	Heimetenesta	31
12.	Kultur	32
13.	Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)	32
13.1.	Oversikt.....	32
13.2.	Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk	33
13.3.	Rapportering.....	34
14.	Gebyr, avgifter og betalingssatsar.....	36
15.	Investeringsbudsjett 2015 og kapitalrekneskapen for 2015	37
15.1.	Ordinære investeringar og andre kapitalutgifter	37
15.1.1.	IKT	39
15.1.2.	Teknisk.....	39
15.1.3.	Kyrkja	40
15.1.4.	Skular og barnehage	40
15.1.5.	Helse, sosial og omsorg	41
15.1.6.	Ikkje prioriterte tiltak, ordinære driftsinvesteringar	42
15.2.	Andre kapitalutgifter	43
15.3.	Investeringar vassverk og avlaup (VA).....	43
15.3.1.	Vassverk.....	44
15.3.2.	Avlaup	45
15.4.	Sum alle investeringar og finansiering	47
16.	ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK	48

1. Innleiing

Rådmann legg med dette fram framlegg til budsjett for 2016. Budsjettet er i balanse, men det er stramt. Aktivitetsnivået er høgt både i kommunen som organisasjon og i kommunen som samfunn. Dette er positivt, men også krevjande. Kommunen prøver å vere ein så aktiv medspelar og tilretteleggjar som dei økonomiske og personellmessige rammene tillet.

For å kunne vidareføre aktiviteten frå 2015 til 2016 har vi mått saldere budsjettet med summen som i økonomiplanen var sett av til styrking av disposisjonsfond. Budsjettet stettar såleis ikkje tilrådinga frå KS og fylkesmannen /departementet om eit netto driftsresultat på minimum 1,4 % av brutto driftsutgifter (justert ned frå 3 % etter endringar i reglane for inntektsføring av momsrefusjon).

Det positive er at vi langt på veg klarer å halde oppe tenestenivået frå 2015. Budsjettet er likevel etter rådmann si vurdering ikkje framtidssretta og berekraftig nok. Utgiftene aukar meir enn inntektene. Dette er ikkje ei utvikling vi kan leve med over tid. Vi må få til ei reell endring både i måten vi løyser oppgåvene på, og i høve kva oppgåver vi kan løyse. Det hjelper ikkje å ta ned budsjettrammene eller auke inntektene mellombels, når løysinga, alternativa og metodane vi brukar er dei same gamle. Budsjettet er i realitetten ikkje i balanse når vi må ty til kortsliktige- og eingongsløysingar for å saldere. Kostnadene vil litt etter litt sige tilbake til det nivået dei låg på før budsjettkuttet.

På mange tenesteområde budsjetterer vi ut frå dei kostnadene vi har i dag, men tek ikkje høgd for den auke i kostnader vi ser kjem om kort tid. Det betyr at dersom det kjem nye brukarar som har krav på tenester må vi løyse dette ved å refordеле dei ressursane vi alt har tildelt. Dette er ei vanskeleg øving, som ofte endar med at vi set inn tiltak som ikkje er finansierte. Utfordringa får vi igjen neste gang vi skal lage budsjett. Ved å løyse utfordringane på denne måten skyv vi utgiftene framføre oss og misser lett styring og kontroll på utgiftssida i budsjettet. Det vert vanskeleg å dokumentere endringa frå eit budsjett til det neste, avdi endringane kjem inn i løpet av året. Det handlingsrommet vi burde hatt vert brukt opp før vi kjem i posisjon til å prioritere.

Sjølv om vi gjorde mange grep i 2013 er langtidseffekten avgrensa av di vi ikkje i stor nok grad har klart å endre måten vi løyser oppgåvene på. Rådmann kjem difor i 2016 til å ha større fokus på dette. Vi må klare å løyse oppgåvene våre meir effektivt enn i dag, og til ein rimelegare kostnad. Det hjelper ikkje at vi på mange område driv svært effektivt, når kostnadene likevel aukar meir enn inntektene. Det er ikkje sett av midlar til omstillingstiltak i 2016. I den grad omstillingane fører til utgiftsauke for at vi på sikt skal kunne reduserte kostnadene må dette løysast innan dei budsjettrammene vi har.

Ressursar til generell sakshandsaming og til å fatte vedtak i einskildsaker har stått stille til tross for kraftig auke i tal innbyggjarar. Kvar arbeidstakar må såleis ta på seg fleire oppgåver og jobbe raskare. Det set store krav til prioritering og effektiv handtering av innkomne saker. Rådmann har ved fleire høve uttrykt uro for i kva grad vi klarer å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane på ein god nok måte grunna knapp sakshandsamingskapasitet. Slik rådmann ser det klarer vi heller ikkje serve politikarane godt nok, då vi manglar ressursar til å få fram politiske saker. Vi ligg etter i framdrifta både når det gjeld einskildsaker og med fleire av dei planane som skulle rullerast i førre kommunestyre periode. Budsjettet for 2016 løyser ikkje noko av dette.

2. Utvikling i folketal

Det viktigaste parameter for utrekning av inntektene for Meland kommune er utviklinga i folketal og demografiutviklinga i kommunen.

Meland kommune er den kommunen i Norge med den nest største gjennomsnittlege folkeveksten i % (3,3%) dei siste 5 åra, etter Rennesøy kommune. Dei fleste andre kommunane med stor vekst er kommunar som ligg nær dei store byane, som Meland. Den økonomiske utviklinga i Meland kommune har dei siste åra vært prega av utfordringane med å følgje opp folkeveksten med tilsvarende auke i tenestetilbod.


I 2014 var folkeveksten på 2,6%. Kommunen hadde per 31.12.2014 7.736 innbyggjarar. I økonomiplanen for 2016-2019 (vedteken i juni 2015) vart det budsjettert med det vi meinte var ein moderat vekst på 2,6% vidare framover. I 1. halvår 2015 hadde vi ein vekst på berre 0,7%, og rådmann har på denne bakgrunn vald å justere ned forventa folkevekst for 2015 til 1,7%. Vi legg fortsatt til grunn at vi skal komme opp igjen på ein årleg vekst på 2,6% frå 2016 og framover. Dette er noko lågare enn veksten i SSB sine folketalsprognosar for Meland kommune (normalalternativet).

Folketalsutvikling Meland kommune 2011 - 2016

Faktiske tal til og med 01.07.2015, prognose for 01.01.2016

Alle	2011	2012	2013	2014	2015	2016
01.01. i året	6 824	7 036	7 347	7 544	7 736	7 866
Endring frå år	193	212	311	197	192	130
Endr. i frå år	2,9 %	3,1 %	4,4 %	2,7 %	2,5 %	1,7 %
01.07 i året	6 927	7 220	7 477	7 667	7 789	
Endring frå år	252	293	257	190	122	
Endr. i frå år	3,8 %	4,2 %	3,6 %	2,5 %	1,6 %	

Folketall 01.07 fordelt på aldersgrupper:					
0-5 år	647	693	743	757	751
6-15 år	1 052	1 065	1 076	1 120	1 156
16-22 år	669	693	733	725	717
23-66 år	3 908	4 086	4 197	4 278	4 350
67-89 år	608	637	684	739	767
90 år +	43	46	44	48	48
Endring folketall 01.07 fordelt på aldersgrupper:					
0-5 år	40	46	50	14	-6
6-15 år	25	13	11	44	36
16-22 år	8	24	40	-8	-8
23-66 år	150	178	111	81	72
67-89 år	27	29	47	55	28
90 år +	2	3	-2	4	-
Endring folketall 01.07 fordelt på aldersgrupper:					
0-5 år	6,6 %	7,1 %	7,2 %	1,9 %	-0,8 %
6-15 år	2,4 %	1,2 %	1,0 %	4,1 %	3,2 %
16-22 år	1,2 %	3,6 %	5,8 %	-1,1 %	-1,1 %
23-66 år	4,0 %	4,6 %	2,7 %	1,9 %	1,7 %
67-89 år	4,6 %	4,8 %	7,4 %	8,0 %	3,8 %
90 år +	4,9 %	7,0 %	-4,3 %	9,1 %	0,0 %



Tabellen over viser folketalsveksten dei 5 siste åra og demografisk fordeling av denne veksten.

Veksten i folketal i førskulealder (0-5 år) var svært stor til og med 2013, men er stoppa opp og faktisk redusert med 6 barn eller 0,8% siste år. Veksten i barn i skulealder har auka dei siste åra, og er i 2015 på 3,2%. Også veksten i aldersgruppa over 67 år er redusert siste år, frå ein vekst på 8% i 2014 til 3,8% i 2015. Vi har ingen vekst i eldre over 90 år i 2015.

Veksttala seier noko om behovet for vekst i tenestetilbodet innanfor dei ulike områda i den kommunale drifta. I 2015 har vi såleis i utgangspunktet ikkje hatt behov for auke i barnehageplassar eller i sjukeheimspllassar.

Vi trur lågare vekst totalt sett i 2015 har tre årsaker:

- Etterverknader etter Walde-konkursen
Walde-gruppa var det største utbyggjaren i kommunen, og konkursen førte til opphold i utbygginga på ein del av prosjekta dei hadde i arbeid.
- Kommuneplanarbeidet
Mange utbyggjarar venta på at kommuneplanen skulle komme på plass, og dette førte til eit opphold i utbyggingsaktiviteten.
- Meir usikre økonomiske framtidsutsikter
Nedgang i oljeaktiviteten fører til større usikkerhet knytt til utviklinga i bustadmarknaden, og fører til at færre vel å flytte på seg.

3. Økonomiske nøkkeltal Meland kommune


Meland kommune har generelt låge kostnadars på dei fleste tenesteområda. Nedanfor vert viktige nøkkeltal frå Kostra-databasen for driftsnivået i kommunen i 2014 samanlikna med nokre nabokommunar, med gjennomsnitt i Hordaland, med Kostragruppe 8 og til slutt med gjennomsnitt for heile landet utanom Oslo.

3.1. Inntektsnivå 2014

Meland kommune har som følgje av ein relativt ung befolkning eit relativt lågt inntektsnivå. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) er for Meland kommune kr 47.100,- per innbyggjar i 2014.

Dette er 1,3% lågare enn gj.snitt for Hordaland og 3,0% under landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Det er 0,8% høgare enn gj.snitt i Kostragr. 8.


Inntektsnivået er avhengig av utgiftsbehovet som er definert i den såkalla utgiftsindekksen. Vi ligg og lågt samanlikna med andre kommunar i regionen og andre kommunar i Bergensområdet. Eit relativt lågt inntektsnivå gjer at kommunen må tilpasse drifta med låge kostnadars og elles vurdere kva andre kjelder til inntekt kommunen kan ha, som til dømes eigedomsskatt.



3.2. Administrasjon 2014

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring per innbyggjar varierer ganske mykje mellom kommunane.


Organisering av kommunen kan påverke korleis utgiftene vert fordelt på dei ulike tenesteområda. Også ulik praksis med omsyn til korleis ein fordeler felles-utgiftene i rekneskapen kan forklare avvik. Meland kommune med kr 3.090,- i administrasjonskostnadene per innbyggjar ligg ca. 18 % lågare enn både gjennomsnittet for Hordaland og Kostragruppe 8 (som vi er med i). Vi er 6% dyrare enn Askøy, som er billigaste kommune på administrasjon i samanlikninga.



Vi har tidlegare vert lite nøyne med korleis vi fordeler administrasjonskostnadane ut til dei operative tenesteområda slik det vert tilrådd i vegleiinga til Kostra-rapporteringa og i tilhøyrande norm for bokføring i kommunane. Med bokføring meir i tråd med denne vegleiinga har vi i 2014 noko lågare og meir korrekte administrasjonskostnadene enn det vi har rapportert tidlegare år.

3.3. Skule 2014


Netto driftsutgifter per born i aldersgruppa 6 – 15 år er eit mykje brukte målekriterium for samanlikninga av kostnadsnivået i skulen mellom kommunane. Også i dette oppsettet er Meland tredje billigaste kommune etter Askøy og Os med kr 94.097 per innb. i den aktuelle aldersgruppa. Meland kommune ligg ca. 7 % lågare enn gjennomsnittet for Hordaland og 4% lågare enn Kostragr. 8.



3.4. Barnehage 2014

Netto driftsutgifter til barnehagane i forhold barn i aldersgruppa 1-5 år er eit vanleg samanlikningskriterium for kostnadsnivået i barnehagesektoren.

Med kr 126,100,- for Meland i kostnad per barn i den aktuelle aldersgruppa ligg vi 2% under landsgjennomsnittet og 3% under gjennomsnittet i Hordaland.



Vi ligg 2,7% høgare enn Kostragruppe 8. Vi ligg mellom dei høgaste i forhold til dei andre kommunane vi samanliknar oss med.

Tala er justert ned for ekstraordinært tilskot utbetalt i 2014 som eigentleg gjeld 2013. I 2013 var kostnaden per barn (1 – 5 år) i Meland kommune kr 104.000,-. Auken frå 2013 til 2014 er såleis på 21%.



3.5. Pleie og omsorg / helse 2014

Utgiftsnivå til pleie og omsorg (sjukeheimen og heimetenestene) kan målast på fleire måtar. Enklast er netto drift i forhold til innbyggjarar i kommunen. Då vil vi kome ut med låge kostnadar som følgje av ein relativt ung befolkning.

Med kostnadar på kr 12.698,- per innb. ligg vi litt under Askøy, men noko over Os. Vi ligg omkring 20 % under gj.snitt for landet og for Hordaland og vel 10% lågare enn Kostragruppe 8.


Ser vi utgiftene til pleie og omsorg i forhold til innbyggjarar over 67 år får vi eit noko anna bilet. Vi ligg på nivå med gj. snitt i Hordaland, men høgare enn Kostragruppe 8 og landsgjennomsnittet. Dette er eit meir realistisk målegrunnlag.

Vi ser og av anna statistikkmateriale (som Kommunal Rapport sitt kommunebarometer) at vi har gode resultat innan pleie og omsorg. Dette skuldast og at vi innan denne sektoren har relativt bra med ressursar.



Når det gjeld utgifter til kommunehelsetenesta auka desse ein del frå 2013 til 2014, og var kr 2.508 per innb. i 2014. Noko av auken skuldast endra Kostrapportering (meir korrekt).

Samanlikninga viser at vi ligg ca. 15% over gjennomsnittet i Hordaland og Kostragruppe 8, og 8% under landsgj.snittet. Elles ser vi at vi ligg omtrent på nivå med nabokommunane, men noko over dei samanlikningskommunane som driv billegast.




4. Investeringsnivå og lånekapasitet

I budsjettframlegget gjer rådmann framlegg om ei stor auke i investeringsnivået. Investeringane vert i all hovudsak finansiert med lån, og analyse av kommunen sitt gjeldsnivå er derfor viktig.

Total gjeld for Meland kommune var per 30.06.2015 kr 409,67 mill eller kr 52 904 per innbyggjar. Meland kommune har netto lånegjeld (sum lån minus lån til vidareutlån) i % av driftsinntektene på 72,42%, noko som i følgje rapporten «Riksrevisjonens undersøking av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning» frå feb. 2015 er rett under det som riksrevisjonen definert som eit høgt gjeldsnivå (75%).

Følgjande figur og tabellen øvst på neste side viser fordeling av gjelda på ulike formål:




Gjeld knytta til VAR	112 189	27,38 %
Gjeld knytta til drift	156 635	38,23 %
Gjeld knytta til drift med statlig refusjon	54 007	13,18 %
Gjeld knytta til boligkjøp	30 639	7,48 %
Gjeld knytta til vidareformidling	56 217	13,72 %
Total gjeld per 30.06.2015	409 687	100,00 %

(tal i heil 1000 kr)

Totalt sett er gjeldsnivået rett nok høgt, men dersom ein trekkjer frå gjeld som i stor grad er sjølvfinansierande (VAR, vidareformidling og bustadkjøp), samt gjeld med statlege rente- og avdragskompensasjonar, utgjer den renteeksponerte gjelda kr 157 mill. (38%) av den totale gjeldsbyrda. Dette gjev eit totalt renteeksponert gjeldsnivå på 32% av driftsinntektene i 2014.

Eit anna nøkkeltal for å vurdere om kommunen sitt gjeldsnivå er gjeld per innbyggjar, som i Meland kommune ved utgongen av 2014 ligg på kr 47.100,-. Dette er lågt i forhold til samanliknbare kommunar og lågare enn landsgjennomsnittet, gjennomsnittet i Hordaland og i Kostragruppe 8.



Med netto lånegjeld meinast total lånegjeld minus formidlingslån og ubrukte lånemidlar.

5. Framlegg til statsbudsjettet for 2016 av 7. okt. 2015 - Kommuneopplegget – oppsummering av hovudpunkt

Veksten i rammeoverføring frå 2015 til 2016 vil variera mellom kommunane. Følgjande punkt påverkar kommunane ulikt:

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordeling av skjønstilskot
- endring i kriteriederdata og befolkning
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot

5.1. Hovudpunkt i kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2016

- **Det økonomiske opplegget for 2015**

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år med ca. 4,6%.

Dei berekna skatteinntektene for er ikkje endra frå revidert nasjonalbudsjett til no.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) var i revidert nasjonalbudsjett 2,9%. Av dette var berekna lønsvekst 3,2%. Berekna pris- og lønsvekst er ikkje endra frå revidert nasjonalbudsjett til no.

- **Pris- og kostnadsvekst 2016**

I framlegget frå regjeringa er den samla pris- og kostnadsveksten (kostnadsdeflatoren) på 2,7%.

Pårekna lønsvekst er og på 2,7%. Deflatoren vert mellom anna nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet frå 2015 til 2016.

- **Frie inntekter**

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2015 til 2016 på 4,2 mrd.

Prisjustering til 2016-kroner kjem i tillegg. Nominell vekst i kommunane sine frie inntekter er på landsbasis frå 2015 til 2016 rekna til 4,3 %. Med pårekna prisvekst på 2,7 %, svarar dette til ein realauke i dei frie inntektene på 1,6 %. Meland kommune ligg på landsgjennomsnittet med ein berekna vekst (nominelt) på 4,3%.

- **Skatteauke**

Det er rekna med nominell skatteauke for kommunane frå 2015 til 2016 med 7,4 %. Auken er rekna ut frå det som no er pårekna skatteinngang for i år. Kommunane må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2016 vil dessutan påverka skatteinntekter og inntektsutjamninga.

- **Skatteøre**

Skatteøret for kommunane er i 2015 11,35 %. Det er i statsbudsjettet for 2016 lagt opp til at det kommunale skatteøyret vert auka til 11,80%. Skattedelen av kommunen sine frie inntekter skal vere 40% - som før.

- Teljetidspunkt for innbyggjartal og aldersfordeling

Teljetidspunkt som grunnlag for rammeoverføring og utgiftsutjamning for 2016 er 1. juli 2015.

For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er teljetidspunktet 1. januar 2015.

For inntektsutjamninga er teljetidspunktet 1. januar 2016.

- Småkommunetilskotet og INGAR-ordninga vert vidareført som no.

Meland kommune vert trekt med kr 446.000,- i 2016 som følgje av INGAR-ordninga.

5.2. Veksttilskot

Det er lagt opp til ein auke i det samla veksttilskotet til kommunane. Dette vert gjort ved å redusere minstenivået for å få tilskot til 1,5% (1,6% i 2015). For Meland utgjer veksttilskotet i 2016 kr 7,5 mill.

Det vert gjeve kr 56.485,- for kvar innbyggjar over vekstgrensa på 1,5%.

5.3. Realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2016

Realvekst i dei frie inntektene til kommunane er i sum på om lag kr 4,2 mrd frå 2015 (revidert nasjonalbudsjett) til 2016, som for ein stor del skal gå til å dekke auka ressursinnsats i kommunane til:

- Befolkningsutvikling (kr 1,7 mrd)

Er redusert i høve til revidert nasjonalbudsjett 2014 (2,7 mrd), og skuldast nye befolkningsframskrivingar med ein lågare vekst enn tidlegare rekna med. Dette i hovudsak knytt til nedgang i talet på barn i barnehagealder i staden for vekst som tidlegare rekna med.

- Auken har samanheng med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. Redusert amortiseringstid for nye premieavvik f.o.m. 2014 frå ti år til sju år med frå 2015 og har bidrige til auka amortiseringskostnader og derav auka pensjonskostnader.

- Auka satsing innan rusomsorg (400 mill)

- Styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta (kr 200 mill)

- Meir fleksible barnehageopptak for å redusera ventetida på barnehageplass (kr 400 mill).

5.4. Reduksjon i rammeoverføring vert gjeve for følgjande:

- Med verknad frå 1. juni 2016 er skatteoppkrevjarfunksjonen i statsbudsjettet planlagt flytta frå kommunane til Skatteetaten. For Meland kommune medfører dette eit trekk på kr 1,0 mill.

- Barnehagar:

Det blir gjort endring i forskrift om finansieringa av ikkje-kommunale barnehagar for å gi betre samsvar mellom reelle utgifter og tilskot frå kommunane. Det blir teke omsyn til at dei private barnehagane samla har lågare pensjonsutgifter enn dei kommunale. På den andre sia har dei private samla høgare kapitalutgifter enn dei kommunale. Det er rekna at dette gir ei netto innsparing for kommunane på kr 338 mill, og er trekt ut av rammetilskotet.

5.5. Auke i rammeoverføring gjeve for nye oppgåver slik:

- Barnehagar:

Frå 2016 vil dei ikkje-kommunale barnehagane få den samme finansieringa som kommunale barnehagar, det vil seie 100% av tilskot kommunale barnehagar. Samla auke for kommunane er kr 180 mill.

- Ny naturfagtime:

Det er framlegg om å auke timetalet i naturfag med ein veketime på 5.-7. trinn frå hausten 2016. Dette vert kompensert gjennom ein auke i rammetilskotet for 2016 (kr 77,6 mill).

5.6. Andre satsingsområde / endringar for kommunane i statsbudsjettet:

- Rentekompensasjonsordninga for skulebygg, symjehallar og kyrkjebygg vidareførast.

I 2016 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekomp. kr 1,5 mrd.

- Resurskrevjande tenester for tenestemottakarar under 67 år:

- Det har vore ei betydeleg auke i talet på mottakarar og utgifter pr. tenestemottakar. Staten sitt samla tilskot har difor auka mykje over fleire år, og utgiftene veks framleis mykje.
- Kompensasjonsgrad på 80 % for netto utgifter over innslagspunktet vert vidareført.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr 1.043.000,- til kr 1.081.000,- for netto utgifter i 2015. Auken er større enn lønsveksten frå 2013 til 2014, og føremålet med dette er å stramma tilskotsordninga noko inn.

- Døgnopphald – kommunal plikt til å tilby hjelp frå 1.1.2016.

Det har vore ei gradvis oppbygging over 4 år for å sikre at kommunane skulle få tid å byggje opp tenesta. Finansieringa av tenesta kjem frå 2016 av gjennom rammetilskotet til kommunane (kr 1,2 mrd.).

- Det øyremerka tilskotet til dagaktivitetstilbod for demente vert styrka. Det vil koma framlegg frå regjeringa om ei endring i helse- og omsorgstenestelova slik at kommunane frå 01.01.2020 får plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot 2020. I 2016 er det øyremerka tilskot for å leggje til rette for 1200 plassar i 2016 (kr 71,3 mill.).

- Tilskot til nye sjukeheimspllassar og omsorgsbustader:

Tilsegn om tilskot til om lag 2500 nye einingar med heildøgns omsorg for 2016. Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er i underkant av kr. 3,0 mill. i 2015, prisjustert til 2016-kroner. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemmning. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

5.7. Inntektsutjamninga

Inntektsutjamninga blir 60 % av skilnaden mellom kommunen sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjon 35 % for kommunar under 90 % av landsgjennomsnittet blir vidareført. Meland kommune har forventa skatteinntekter på 86,5% av landsgjennomsnittet, og får difor kompensert for 95 % av manglande skatteinntekter opp til 90% av landsgjennomsnittet i 2015, og for 60% av manglande inntekter i forhold til gjennomsnitt for landet. Utrekningane gjerast basert på berekningar av skatteinntekter pr innbyggjar. Som følgje av denne inntektsutjamninga er det skattekost eller -nedgang nasjonalt som har påverknad på Meland kommune sine totale skatteinntekter meir enn endringane i kommunen.

5.8. Skjønstilskot

Fylkesmannen i Hordaland har fordelt kr 94,4 mill. av ei total ramme på kr 127,7 mill. til fordeling i Hordaland. Resten vert nytta til fornyings- og innovasjonsprosjektsprosjekt og til generell fordeling i året der også uventa hendingar kan bli teke omsyn, m.a. ekstraordinære utgifter for kommunar grunna busetjing av flyktningar. Fylkesmannen tek og omsyn til store utgifter til språkdeling for kommunar som har relativt lågt inntektsnivå. Det er teke omsyn til dette for kommunane Sveio, Fjell, Askøy, Os og Meland.

Meland kommune får i 2016 kr 3,9 mill av potten som fylkesmannen har fordelt, det same som i 2015.

Fylkesmannen kommenterer tildelinga slik:

«Kommunen sitt tidlegare rekneskapsunderskot vart dekt inn i årsrekneskapen for 2013.

Kommunen har hatt høg folkevekst over lang tid og det er ei ung befolkningssamsetjing. Det er pårekna at det også i dei komande åra vil vere ein høg vekst i folketallet. Kommunen får veksttilskot i 2015, om lag kr 7,5 mill.

Kommunen har høg innflytting frå Bergen og det er mange av foreldra som ynskjer bokmål i skulen.

Kommunen må ha ekstra skuleklassar som følgje av språkdeling. Kommunen har fleire private barnehagar men berre ein communal barnehage. Det er rekna med ein stor auke frå 2015 til 2016 i det samla kommunale tilskotet til dei private barne-hagane.

Det har i det siste året vore ein auke i rusrelaterte problem i kommunen. Kommunen kan ha særskilte utfordringar knytte til rusproblem som følgje av nærleiken til Bergen og som følgje av den generelle folkeveksten og tilflyttinga. Kommunen ligg høgt i arbeidsløyse blant inn-byggjarane, noko som kan ha samanheng med at befolkninga er ung med relativt lågt ut-danningsnivå.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2009. Skattesatsen for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar er redusert frå fem promille i 2014 til 3,5 promille i 2015.»

5.9. Kommunereform

Ingen endringar i tiltak knytt til kommunereforma frå dei som tidlegare er varsla.

6. Oppsummering av budsjettframlegg for 2016

6.1. Generelle kommentarar

Rådmann har delegert mynde til å fordele samla utgiftsramme på dei ulike tenesteområda som den kommunale administrasjonen er delt opp i. Kommunestyret gjer heller ikkje vedtak om fordeling av ramma. For å forklare innhaldet i budsjettframlegget vil likevel rådmannen i dette budsjettframlegget informere om korleis budsjettramma for 2016 for tenesteområda er tenkt fordelt, korleis utvikling i denne ramma har vore frå 2014, og kva nye tiltak som rådmann har med i sitt budsjettframlegg.

Budsjettframlegget tek utgangspunkt i dei prioriteringar og føringar som ligg i økonomiplanen for 2016-2019, og rådmann har lagt vekt på å følgje opp prioriterte tiltak vedteke i økonomiplanen for 2016.

6.2. Budsjettframlegg for 2016 fordelt per tenesteområde samanlikna med økonomiplanen for 2016-2019

Netto finansinntekter, skatt og rammetilskot er i 2016 budsjettet med kr 422,7 mill.. Rådmann gjer framlegg om rammer til tenesteområda i budsjettet for 2016 med til saman kr 422,7 mill., som vist i tabellen under. Budsjettframlegget er dermed i balanse.

Budsjettframlegg per tenesteområde, netto rammer	Framlegg budsjett 2016	Revidert budsjett 2015	Øk.plan 2016 - Nye tiltak	Øk.plan 2016	Øk.plan 2016 prisjust. med 2,7%	Avvik prisjust. øk-plan - budsj. 2016
Skatt og rammetilskot	407 930	389 600	15 100	404 700	415 600	-7 670
Andre finanspostar / eged.skatt	14 810	14 400	-1 800	12 600	12 940	1 870
Netto finans, skatt og rammetilskot	422 740	404 000	13 300	417 300	428 570	-5 830
Politikk/Rådmanskontor	17 650	16 098	700	16 798	17 250	400
Økonomi	8 400	8 540	500	9 040	9 280	-880
IKT	7 140	6 820		6 820	7 000	140
Interkomm. Brannvern	6 810	6 200		6 200	6 370	440
Rådgjevarteneste ekskl. priv. barneh.	9 900	9 180		9 180	9 430	470
Private barnehagar	80 350	74 990	8 300	83 290	85 540	-5 190
PPT	2 160	1 990		1 990	2 040	120
Kommunal barnehagedrift	5 970	5 420		5 420	5 570	400
Grasdal skule	12 115	10 735	1 000	11 735	12 050	65
Meland ungd.skule (inkl. Vaksenoppl.)	17 640	18 108		18 108	18 600	-960
Rossland skule	24 350	22 709	600	23 309	23 940	410
Sagstad skule	28 370	26 150	2 000	28 150	28 910	-540
Vestbygd skule	16 420	14 060	1 700	15 760	16 190	230
Helse (frå 2015 ekskl. samh.ref.)	26 390	23 980		23 980	24 630	1 760
NAV/Sosiale tenester	11 950	11 800		11 800	12 120	-170
Barnevern	10 190	9 300		9 300	9 550	640
Meland sjukeheim	39 970	38 010	600	38 610	39 650	320
Meland heimetenester	59 800	57 720		57 720	59 280	520
Kultur	7 940	7 705		7 705	7 910	30
Plan, utbygging og kommunalteknikk	29 225	27 990	400	28 390	29 160	65
Ikkje fordelt lønsoppgj. / krav om innsp. (øk.plan)		1 095	-1 300	-205	-210	210
Sum rammer tenesteområda	422 740	398 600	14 500	413 100	424 260	-1 520
Netto resultat / til disposisjon:	-	5 400	-1 200	4 200	4 310	-4 310

I tabellen har vi samanlikna budsjettframlegget for 2016 med økonomiplanen for 2016. Tala i økonomiplanen vart presentert i 2015-prisar. For å få ein reel samanlikning med budsjett 2016 har vi oppjustert rammene i økonomiplanen til 2016-prisnivå ved å auke økonomiplantala med den kommunale deflatoren på 2,7%. Dermed får vi i siste kolonne fram det reelle avviket mellom rammene i økonomiplanen for 2016 og rammene fordelt i rådmann sin framlegg til budsjett for 2016.

I økonomiplanen rekna vi i 2016 med at sum av netto finans, skatt og rammetilskot skulle bli kr 417,3 mill. Ved å justere dette til 2016-prisnivå, får vi kr 428,6 mill. Rådmann sitt budsjettframlegg for 2016 på kr 422,7 mill. er kr 5,8 mill. lågare enn det samanliknbare talet i økonomiplanen. Dette skuldast lågare folketal per 1. juli 2015 enn rekna med i økonomiplanen, men og at vi kjem därlegare ut enn berekna på utgiftsutjamninga. Avviket er nærmare kommentert i pkt. 7.1 nedanfor.

Framlegget inneber at det i 2016 ikkje er midlar til avsetning til disposisjonsfond. I økonomiplanen for vedteken i juni i år var dette lagt inn som mindreforbruk eller «overskot» med kr 4,2 mill., og tenkt avsett til disposisjonsfond. Årsaken til at ein ikkje finn midlar til slik avsetning er først og fremst lågare inntekter enn berekna til å dekke dei planlagde nye tiltaka på skule og i barnehagesektoren.

I den vedtekne økonomiplanen er summen av netto utgiftsrammer for tenesteområda på kr 413,1 mill. Denne vart fastsatt som ein sum av budsjett 2015 og kr 14,5 mill. til nye tiltak. Dette er kr 4,2 mill lågare enn inntektene på kr 417,3 mill., og vi får dermed eit netto resultat eller i kommunal budsjett-terminologi eit budsjettmessig mindreforbruk på kr 4,2 mill. Prisjustert til 2016-prisnivå er utgiftramma i den vedtekne økonomiplanen på kr 424,3 mill.

Rådmannen sitt framlegg til netto utgiftsramme for tenesteområda er på til saman kr 422,7 mill. Dette er kr 1,5 mill mindre enn den prisjusterte utgiftsramma i økonomiplanen. Dei fleste tenesteområda ligg på nivå med eller litt over rammene definert i økonomiplanen. Mest over ligg Helse, men det skuldast at det i statsbudsjettet er løyvd kr 1,9 mill ekstra over statsbudsjettet for tiltak som vi har tilsvarande utgiftsauke knytt til.

På tenesteområdet private barnehagar, som består av tilskot til private barnehagar og andre tiltak administrert av barehagefagleg rådgjevar, er budsjettet kr 5,2 mill. lågare enn rekna med i økonomiplanen. Dette skuldast færre barn i dei private barnehagane, og at andelen eldre barn er større enn rekna med, noko som gjev lågare totale tilskotsummar til barnehagane. Nærare forklaring til dette avviket kjem i kap. 9.6 nedanfor.

6.3. Reservert lønnsoppgjer

Våren 2016 er det hovudoppgjer i kommunesektoren. Forventa lønstillegg er budsjettert innanfor kvart tenesteområde. Statsbudsjettet legg til grunn løns og prisvekst frå 2015 til 2016 på 2,7%, og rådmann legg det same til grunn for Meland kommune. På lønspostane i budsjettet er det tatt utgangspunkt i lønsnivå hausten 2015, altså løn etter lønsauke våren 2015. Årseffekt i 2016 av lønnsoppgjeren med verknad frå 1. mai 2016 vert 8/12 av 2,7%, som er 1,8%. Tillegget er flatt berekna innanfor kvart tenesteområdet, og lagt inn i ramma som tenesteområda vert tildelt for 2016.

6.4. Utfordringar knytt til flyktingesituasjonen

I budsjettet for 2016 er det lagt opp til at Meland kommune skal busetje 30 flyktninger. Behovet for busetjing av asylsøkjarar er stort og aukande. Den store tilstrøyminga gjer at mange vert sitjande for lenge i mellombelse mottak og transitt mottak. I september 2015 mottok Norge fleire asylsøknader enn i hele første halvår. Det skaper praktiske og økonomiske utfordringar. Regjeringa har difor 30.10.2015 lagt fram ei tilleggsmelding med framlegg til korleis situasjonen skal taklast på kort sikt.

Samanlikna med Gul bok gjer Regjeringa framlegg om å auke løvingane som fylgje av auka asylankomster med kr 9,5 mrd. Framlegga i tilleggsnummeret er basert på eit anslag om at det vil kome 33 000 asylsøkjarar til Norge i 2016. I tillegg gjer Regjeringa framlegg om å setje av ekstra midlar i 2016 for å handtere konsekvensar av auka ankomst i 2015. Anslaga er svært usikre.

Behovet for busetjing i kommunar er stort, og kjem til å bli større i 2016 dersom prognosane for tal asylsøkjarar vert innfridd. Kommunane må difor pårekne at oppmodingane om å busetje asylsøkjarar aukar. Kor mange vi vert oppmoda om å busetje i 2016 ut over dei 30 vi har fått oppmoding om å busetje veit vi ikkje enno. Dersom vi vert oppmoda om å busetje fleire enn det vi har lagt til grunn i budsjettet for 2016 må vi kome attende til kommunestyret med ny sak.

7. Kommentar til netto finanspostar, skatt og rammetilskot:

Tabellen nedanfor viser netto finanspostar i budsjettframlegget for 2016.

tal i 1 000 kr

Meland kommune budsjett 2016	Regnskap 2013	Regnskap 2014	Rev. budsj. 2015	Framlegg budsjett 2016	Endring 2015-2016 inkl. nye tiltak	% vekst inkl. nye tiltak	Øk.plan 2016	Øk-plan 2016 prisjust - bud	Awik øk.plan prisjust - bud 2016
Skatt og rammetilskot	347 376	364 679	389 000	407 930	18 930	4,9 %	404 700	415 630	-7 700
% vekst i skatt og rammetilsk. pr år		5,0 %	6,7 %	4,9 %					
Eigedomsskatt	15 942	23 631	18 500	18 700	200	1,1 %	18 900	19 410	-710
Utbytte Meland Utb.selsk. og BKK	6 086	13 086	3 000	3 000	0	0,0 %	3 000	3 080	-80
Avdrag	-13 171	-13 509	-14 320	-13 700	620	-4,3 %	-15 300	-15 710	2 010
Renter på lån	-11 712	-10 638	-10 300	-9 500	800	-7,8 %	-10 300	-10 580	1 080
Netto avskrivningar	8 297	8 414	9 066	8 660	-406	-4,5 %	8 300	8 520	140
Andre rente- og finanspostar	6 187	8 726	9 054	7 650	-1 404	-15,5 %	8 000	8 220	-570
Netto finans = utgiftsramme i budsjettet:	359 005	394 389	404 000	422 740	18 740	4,6 %	417 300	428 570	-5 830
% endring			9,9 %	2,4 %	4,6 %				

7.1. Skatt og rammetilskot

KS sin prognosemodell vert nytta som grunnlagsdata for Meland kommune si budsjettering av rammetilskot og skatteinntekter. Rammetilskotet vert fastsett i statsbudsjettet. Skatteanslaget som ligg til grunn for berekninga av kommunen sine frie inntekter (sum av skatt og rammetilskot) i statsbudsjettet er basert på folketalet per 1. januar 2015. I prognosemodellen får vi i tillegg berekna forventa skatteinntekter som følgje av vekst i folketalet fram til 1. januar 2016.

Prognosemodellen gjev difor meir korrekte tal på skatteinntekter og skatteutjamning enn det som kjem fram i statsbudsjettet. Tabellen nedanfor viser utvikling i rammetilskot, skatt og inntektsutjamning for perioden rekneskap 2012 – budsjett 2016. Sum skatt og rammetilskot for 2016 er budsjettert med kr 407,9 mill., som er kr 18,9 mill. høgare enn i 2015, ein vekst på 4,9%. Rammetilskotet inkluderer omfordeling av oppgåver og øyremerka tilskot, og justert for desse er den samanliknbare auken frå 2015 på kr 17,96 mill., som inneber ein vekst på 4,6%.

Rammetilskot	Tal i 1000 kr						2,70 %
	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Prognose 2015	Budsjett 2016	Øk.plan 2016 prisjust.	Avvik budsj. - øk.plan 2016
Innbyggjartilskot	144 681	157 297	170 596	171 931	176 564	183 386	-6 822
Utgiftsutjamning	12 294	10 053	8 875	17 163	17 592	20 983	-3 391
Korreksjon for barn i statlege og private skular		-271	-1 564	-3 885	-4 782	-4 467	-315
Overgangsordningar (INGAR)	-481	-444	-460	-486	-446	-485	39
Saker m/særskild fordeling	1 518		309	689	1 226	1 234	-8
Veksttilskot	2 506	1 760	4 068	7 469	7 481	7 044	437
Skjønstilskot	4 000	4 900	4 200	3 900	3 900	4 005	-105
Diverse / Rev. nasj. budsj.	234	130	-999	1 497	-	1 490	-1 490
Sum rammetilskot	164 752	173 425	185 025	198 278	201 535	213 191	-11 656
Auke i forhold til året før:	20 408	8 673	11 600	13 253	3 257	14 913	
Auke i %:	14,1 %	5,3 %	6,7 %	7,2 %	1,6 %	7,5 %	
Skatt og inntektsutjamning							
Kommunale skatteinntekter	143 184	160 999	160 894	172 753	188 895	180 462	8 433
Løpende inntektsutjamning	16 174	12 952	18 745	17 969	17 500	21 947	-4 447
Sum	159 358	173 951	179 639	190 722	206 395	202 409	3 986
Auke i forhold til året før:	13 058	14 593	5 688	11 083	15 673	5 295	
Sum auke i %:	8,9 %	9,2 %	3,3 %	6,2 %	8,2 %	2,8 %	
Auke i skatteinntekter %:		12,4 %	-0,1 %	7,4 %	9,3 %		
Auke i inntektsutjamning %:		-19,9 %	44,7 %	-4,1 %	-2,6 %		
Sum rammetilskot, skatt og Innt.utjamn.	324 110	347 376	364 664	389 000	407 930	415 600	-7 670
Auke i forhold til året før:		23 266	17 288	24 336	18 930	26 600	
Sum auke i %:		7,2 %	5,0 %	6,7 %	4,9 %	6,8 %	
Omfordeling av oppgåver stat - kommune:							
Samhandlingsreformen (endring i 2015)				-7 500			
ØH-senger (endring i 2016)					1 438		
Styrking av Helsestasjonsbemanning (2015 og 2016)			689	537			
Overføring av Kemnerfunksjonen til staten:					-1 005		
Sum omfordelinger:	-	-	-6 811	970	-		
Justert sammenl.grunnlag året før:			357 853	389 970	-		
Reel auke i forhold til året før:				31 147	17 960		
%-vis reel auke i forhold til året før				8,7 %	4,6 %		

Omfordelinga skuldast:

- 1) ØH-senger (Øyeblikkeleg Hjelp) senger er fra 2016 inkludert i rammetilskotet, medan det til og med 2015 har vore direkte tilskot til tiltaket. Auken på kr 1,4 mill. medfører tilsvarende auke i kommunen sine utgifter som tilskot til Nordhordland legevaksentral.
- 2) Styrking av helsestasjonstilbod med kr 0,5 mill. Vi budsjetterer med tilsvarende auke i tiltak og utgifter.
- 3) Overføring av kemnerfunksjonen til staten fra 1. juni 2016 er lagt inn med trekk i rammetilskot på kr 1 mill. Vi har tilsvarende lagt inn avvikling av våre utgifter til det interkommunale kemnerkontoret, kostnadsrekna til kr 0,8 mill.

I tabellen har vi og teke med samanlikning av budsjettframlegget for 2016 med prisjusterte tal for skatt og rammetilskot i den vedtekne økonomiplanen for 2016. Vi ser at vi totalt kjem ut kr 7,7 mill. därlegare ut i budsjettet enn forventa i økonomiplanen. Tek vi med sum av omfordeling av oppgåver og nye tiltak , kjem vi ut kr 8,7 mill. därlegare.

I økonomiplanen var det lagt opp til ein folkevekt på 2,6% per år, inkl. 2015. Ein vekst i 1. halvår 2015 på 0,7% og 1,7% for heile 2015 inneber at grunnlagstala for berekning av rammetilskotet for 2016 vert lågare enn rekna med. Vi har berekna at effekten av lågare vekst i folketal i 2016 netto er på kr 5,4 mill. Andre effektar, i hovudsak mindre inntekter frå utgiftsutjamninga, utgjer dermed tilsaman kr 2,3 mill.

Gjennom utgiftsutjevninga vert innbyggjartilskotet omfordelt mellom kommunane ved hjelp av behovsindeksen. Midlar vert omfordelt frå kommunar med lågt utgiftsbehov til kommunar med høgt kalkulert utgiftsbehov. Behovsindeksen seier noko om kor dyr ein kommune er å drive i forhold til landsgjennomsnittet, og denne vert brukt til å berekne kommunen sitt trekk eller tillegg i utgiftsutjevninga. Det er difor å vente at auka inntekter frå utgiftsutjevninga skal ha sin årsak i auke i kommunen sine utgifter på eitt eller fleire område, og motsatt.

Vidare viser tabellen over at Meland i 2016 får eit trekk på kr 4,8 mill. som følgje at vi har 86 (telldato oktober 2014) i statlege og private skular. i 2015 var det trekk for 75 elever, ein auke med 11. Trekket aukar med kr 0,9 mill. frå 2015.

7.2. Andre finanspostar inkl. eigedomsskatt

I budsjettet for 2016 samanlikna med 2015 er elles rentekostnadene redusert med kr 0,8 mill og netto inntekt frå andre rentepostar redusert med kr 1,4 mill. Skuldast reduserte renter knytt til sjølvkostområda.

7.3. Skatteøre eigedomsskatt

Det er lagt til grunn eit skatteøre på 7 % på verk og bruk og 3,5 % på bustad og hytter for 2016. Dette er same nivå som i 2015.

7.4. Renter og avdrag

Tabellen nedanfor syner oppstilling over renter og avdrag i budsjettet for 2016. For alle lån med flytande rente er det brukt 1,65% rente, medan det for nytt lån i 2016 er brukt 1,5%.

Renter og avdrag innlån 2016	Renter 2016	Avdrag 2016	Sum renter og avdrag 2016	Restgjeld 01.01.16	Restgjeld 31.12.16	Avdrag i % av gjeld pr 01.01
Kommunalbanken	5 625 191	10 972 670	16 597 861	265 144 350	254 171 680	4,32 %
Husbanken	1 859 766	2 975 084	4 834 850	85 418 966	82 443 882	3,61 %
DNB Markets	808 485	780 000	1 588 485	52 200 000	51 420 000	1,52 %
BKK	-	300 000	300 000	900 000	600 000	50,00 %
Nye lån 2015	609 000	1 000 000	1 609 000	41 100 000	40 100 000	2,49 %
Sum per 31.12.2015	8 902 442	16 027 754	24 930 196	444 763 316	428 735 562	3,74 %
Nye lån 2016	544 598				145 625 000	
SUM	9 447 040	16 027 754	25 474 794	444 763 316	574 360 562	
Avdrag startlån ført i kapitalrekneskapen		2 323 295		Krav til minsteavdrag er 3,5% av lån per		
SUM driftsrekneskapen	9 447 040	13 704 459		1. januar i budsjettåret		
Avrunda i budsjettet til:	9 500 000	13 700 000				

Sum avdrag på lån er 3,74 % av dei totale låna per 1.1.2015, noko som er over minstekravet på 3,5 %. Sum lånegjeld ved utgangen av 2016 er budsjettert til 574 mill. kr. Grunna god likviditet treng ein ikkje gjere opptak av nye lån før på hausten 2016, og ein får såleis ein kostnad i 2016 på finansieringa av nye

investeringar i budsjettåret, med til saman kr 1,6 mill., som er kr 0,4 mill. lågare enn estimert i økonomiplanen for 2016-2019.

8. Driftsendringar i budsjettet for 2016

Tabellen på neste side inneholder sum av nye tiltak i 2016-budsjettet, samanlikna med prisjustert økonomiplan i pkt 6.2 over. Tabellen viser at vi i sum har auke drifta med kr 13,0 mill ut over ordinær framskriving av 2015-budsjettet. Av dette er har vi ein netto auke på kr 1 mill som skuldast omlegging av statlege finansieringsordningar og direkte tilskot til styrking av Helsestasjon-tenesta. Det inneber at auke i nye tiltak som må dekkas på vanleg vis av skatteinntekter og rammetilskot netto er kr 12 mill., som er kr 2,5 mill. lågare enn det var lagt opp til i økonomiplanen.

Sum nye driftstiltak i budsjettet for 2016

Tal i heile 1000 kr

Beløp er endring i forhold til revisert budsjett 2015		Avvik vil seie endring frå 2015 til 2016 ut over normal prisjustering av 2015-budsj.			
nr	Navn	Øk.plan 2016	Bud 2016	Avvik	Kommentarar
1	Auka stillingsressurs økonomikontoret	500	500	0	Ei ny stilling på økonomikontoret for betring av økonomistyring, innkjøp, m.v. Tilsetting frå ca. 1. april.
2	Overføring kemnerkontoret til staten		-700	700	Teke ut tilskot til interkommunalt tiltak frå og med juni 2016 ihht. føringar i statsbudsjettet.
3	Politiske møter på dagtid	200	200	0	Tapt arbeidsforteneste, møtemat m.m
4	Konsulenttenester kommunestruktur/frikjøp	500	700	-200	Kjøp av prosessstøtte og frikjøp av tilsette/tillitsvalde og folkevalde, samt kr 100.000,- til eventuell folkerøysting
5	Brannvern		500	-500	Auka pensjonskostn. og auke pga. nødnett
6	Andre endringar		100	-100	Ikkje identifiserte, mindre aktivitetsendringar
Sum endring administrasjon / IKT / interkomm. tiltak		1 200	1 300	-100	
7	Auka tilskot til private barnehagar	8 300	2 800	5 500	Auke i tilskot private barnehagar som følgje av auke i satsar og noko fleire barn i barnehagane.
8	Redusert foreldrebet. barnehage		300	-300	Nytt regelverk i innført i 2015, heilårseffekt i 2016.
9	Marihøna barnhage		400	-400	Heilårseffekt ny pedagogstilling ikkje inkludert i budsj. 2015.
10	Særskilt tiltak rådgjervartenesta		400	-400	Auke i tiltak knytt til gjesteelev
11	Andre endringar		200	-200	Manglande justering for lønsauke, samt ikkje identifiserte, mindre aktivitetsendringar.
Sum endring rådgjavartenesta, PPT, barnehage		8 300	4 100	4 200	
12	Grasdal skule	1 000	1 050	-50	Auke i klassetal og behov for lærar- og assistentressursar
13	Meland Ungd. skule		-1 000	1 000	Overf. ressursar til andre skular, spesielt Vestbygd.
14	Rossland skule	600	1 000	-400	Behov for auke i assistentressurs.
15	Sagstad skule	2 000	1 500	500	Auke i klassetal og behov for lærar- og assistentressursar
16	Vestbygd skule	1 700	1 950	-250	Auke i klassetal og behov for lærar- og assistentressursar.
Sum skule		5 300	4 500	800	
17	Auka kapasitet natt-tenesta (sjukeheimen)	600	900	-300	Meirkostn. turnus knytt til auke i kapasitet.
18	Auke turnusressursar i heimetenesta		500	-500	Auke i turnussressurs i helgene og styrking av vernepleierressursane.
Sum Pleie og omsorg		600	1 400	-800	
19	Helse - omlegging ØH-senger		1 400	-1 400	Omlegging av finansieringsordninga, no i rammetilskotet
20	Helsestasjon		500	-500	Satsing i rammetilskotet i statsbudsjettet, følgje opp med auke i still.ressurs.
21	Barnevern		600	-600	Kostnad til auke i talet på tiltaksplassar og auke i kostnad per plass.
22	Innsparring sosialhjelp NAV		-200	200	Innstramming av praksis.
23	Auka vedlikehaldsmidlar PUK	400	400	0	For oppfølging av revisors krav til overføring av vedlikehaldsmidlar frå investering til drift
24	Andre endringar PUK og kultur		100	-100	Ikkje identifiserte, mindre aktivitetsendringar
Sum andre		400	2 800	-2 400	
25	Generell innsparring øk.plan	-1 300	-1 100	-200	Ikke konkretisert.
Sum alle		14 500	13 000	1 500	

9. Kommentarar frå administrative einingar

I dei etterfølgjande kapitla vil vi gje ein kommentar til status på drift og aktivitet til kvart tenesteområde, og til budsjettframlegget for 2016.

9.1. Stab/Rådmannskontor

Tenesteområdet dekker drift av adm.stab rådmann med 11,2 årsverk. I tillegg vert frikjøp for tillitsvalde med heimel/utrekning etter reglane i Hovudtariffavtalen ført på dette området, noko som utgjer ca. 1,5 årsverk. Området dekker og utgifter til revisjon, politiske styre, råd og utval, inkl. løn til ordførar og varaordførar, arbeidsmiljøutvalet, samt alkoholløyve og kontroll. Adm.stab rådmann har m.a. ansvar for HR-funksjonen, resepsjonstenesta, dokumententeret, overordna arkivteneste, kommunen si heimeside, intranett og Facebook-side. Vidare skal staben serve politiske råd og utval med sekretærtenester, innkallingar, møtebøker/protokollar m.m.

Området er kjenneteikna av mange faste utgifter, der kostnadene ligg utanfor kommunen sin kontroll. Døme på dette er utgifter til yrkesskadeforsikring, pasientskade-erstatning, innbetaling av OU-midlar og medlemsskap i KS. Mange av kostnadene gjeld for heile kommuneorganisasjonen, som t.d. bedriftshelseteneste, juridisk bistand, innkjøpsordning, meklarteneste på kommunen sine forsikringar m.m. Fleire av kostnadene er også knytt til interkommunale samarbeidsordningar, som t.d. Regionrådet/Nordhordland IKS, Interkommunalt arkiv og interkommunal innkjøpsordning.

Det er i all hovudsak ingen driftsmessige endringar frå 2015 til 2016. Det vil likevel truleg kunne påløpe kostnadar i samband med kommunestukturprosjektet, og ramma er blitt utvida med tanke på dette. Det er difor sett av kr 700 000 til kjøp av tenester og ev. frikjøp av tilsette og tillitsvalde. 2016 er ikkje eit val-år, og det er difor ikkje det same utgiftsbehovet på ansvar 102 som i 2015. Det er likevel sett av ca. kr 100 000 for å møte kostnader med ei eventuell folkeavrøysting om kommunestuktur.

9.2. Økonomikontor

På dette området ligg kostnadar til økonomistaben, samt kostnadar (refusjonar) til felles regionalt kemnerkontor og til Meland kommune sitt kyrkjelege fellesråd. Det er i dag 5,5 årsverk ved kontoret. Kontoret har ansvar for rekneskapsføring, fakturering, løn, økonomirapportering, budsjettarbeid, innkjøp, finansoppfølging, IKT og telefoni. Kontoret klarer ikkje utføre pålagte oppgåver på ein god nok måte, særleg knytt til innkjøpsfunksjonen og oppgåver knytt til økonomistyring og støtte til økonomistyring til dei operative tenesteområda. Det vart i økonomiplanen lagt inn ei auke med ei stilling, og dette er følgt opp i budsjettet.

Kostnadar til interkommunalt kemnerkontor er lagt økonomikontoret. I statsbudsjettet er det gjort framlegg om å overføre desse til staten frå 1. juni 2016. Det er trekt ut kr 1 mill. som følgje av dette frå rammetilskotet til kommunen, og vi budsjetterer bare med refusjon til det interkommunale tiltaket til og med 31. mai. Kostnadsreduksjon i budsjettet er kr 0,8 mill. Netto «tap» for kommunen som følgje av omlegginga er kr 0,2 mill.

9.3. IKT

IKT budsjettet inneholder felles kommunale IKT og telefoni-kostnadar. I tillegg kjem kommunen sin del av felles IKT drift gjennom IKT-Nordhordland (IKTNH) og interkommunale IKT-strategi- og prosjektkostnadar.

Meland kommune har ikkje eigen stab på IKT-området. Økonomisjefen er IKT-kontakt for kommunen og deltek på noko møteverksemeld på IKT-området, og er ansvarleg for oppfølging av IKT-budsjettet og den aktiviteten som skal skje på dette området. Elles er heile drifta sett ut til det interkommunale samarbeidet. Det er trond for ytterlegare ressursar i åra framover for å kunne oppretthalde ei tenleg og sikker IT-løysing. Sum budsjettframlegg kr 7,1 mill., ei auke på kr 0,3 mill. frå 2015. Det er særleg lisenskostnader til programvareleverandørane som aukar, mest som følgje av at vi tek i bruk stadig nye system.

I 2016-budsjettet er kr 0,4 mill. av kostnadane i IKTNH og i det interkommunale IKT-strategisamarbeidet prosjektrelaterte kostnadar som vart ført som investeringar, og det er omtrent som i 2015.

9.4. Interkommunalt Brannvern

Består av Lindås og Meland interkommunale brann- og redningsteneste budsjettet med kr 6,2 mill. og Interkommunalt Brannførebyggjande tiltak budsjettet med kr 0,6 mill. Branntenesta er auka med kr 0,6 mill. frå 2015, som er ein del meir enn ei rein framskriving av ramma skulle tilseie. Tenesta får ei betydeleg kostnadsauke som følgje av overgangen til nytt naudnett, og det er ei relativt stor auke i pensjonskostnadane til dei tilsette i branntenesta, som følgje av at større del av lønsgrunnlaget er pensjonsgjevande enn det ein tidlegare har rekna med.

9.5. Rådgjevarstaben ekskl. private barnehagar

Her ligg kostnadar til rådgjevarstaben innan helse, pleie- og omsorg, skulesektoren og kommuneplanleggjar. Utanom lønskostnadar er den største kostnaden for rådgjevartenesta (totalt kr 4,6 mill.) knytt til refusjon til skular for gjesteelevar og til andre kommunar for fosterbarn eigentleg heimebuande i Meland kommune. I tillegg er kostnaden på leige av kroppsøvingsareal hjå Meland Aktiv og Nordhordland Folkehøgskule på budsjettet til skulefagleg rådgjevar. .

9.6. Private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ein av dei store utgiftspostane til kommunen, som vi og reknar med kjem til å vekse ein god del dei neste åra. Kostnadsveksten vert særleg stor i 2016 og 2017 fordi lågt barnetal per 31.12.2014 i den kommunale barnehagen gjer utslag i ein relativt stor auke i tilskotsatsane.

Det har lenge vore mykje debattert mellom dei private barnehageaktørane, komunesektoren og sentrale myndigheter korleis ein best kan fastsette satsane for tilskot til private barnehagar, og kva nivå desse skal ligge på. Utdanningsdirektoratet (Udir) har i løpet av 2015 fått utgreidd dette av PwC (PricewaterhouseCoopers AS) og Telemarksforskning (rapport datert 22. januar 2015), og dei har hatt saka på høyring sommaren 2015 med høyringsfrist 22. aug. 2015. Meland kommune svarte på høyringa i FS 84/2015 den 24. juni 2015.

Nye tilskotsreglar vart publisert av Udir 15. okt. 2015, og går i korthet ut på:

1. Tilskotsgrunnlaget skal framleis vere kommunen sine 2 år gamle rekneskap.
2. Kommunen sine pensjonsutgifter skal takast ut av beregningsgrunnlaget, og ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal brukast.
3. Driftstilskotet skal vere 100% av satsane for alle barnehagar frå og med 2016.
4. Kapitaltilskotet vert avhengig av byggeåret til barnehagebygget. Satsane er under utarbeiding.

Vi har teke utgangspunkt i satsane som det er gjort framlegg om i utgreiinga frå PwC.

Tabellen nedanfor viser utvikling i barnetal totalt i kommunen og talet på barn i barnehagane i Meland per 1.1 frå 2011 og fram til og med 2017. Tala for 1.1 2016 og 2017 er prognosar. 1. jan 2015 var det totalt 597 barn i barnehagane i kommunen. Per 1. januar 2015 er det 30 barn i den kommunale barnehagen, medan det er 567 i dei private. Vi reknar med ein vekst på barn aldersgruppa 0-5 år i løpet av 2015 på berre 0,3%. Frå 2016 reknar vi med at veksten tek seg opp att, og vert 3,6%. Sum barn per 1.1.2016 vert dermed 776, aukane til 804 per 01.01.2017.

Vi har henta inn tal frå barnehagane på kor mange barn dei reknar med at dei har per 1.1.2016. Totalt kjem vi fram til ein 610 barn, av dette 576 i dei private. Talet er ein prognose.

Utvikling Barnetal i Meland kommune samanlikna med barnehageplassar 2011 - 2016

Folketall pr dato:	Faktiske tal					Prognose	
	01.01.11	01.01.12	01.01.13	01.01.14	01.01.15	01.01.16	01.01.17
År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Innbyggere 0-5 år - per 1. januar	640	663	715	744	774	776	804
Økning i året	23	52	29	30	2	28	29
Økning i %	3,6 %	7,8 %	4,1 %	4,0 %	0,3 %	3,6 %	3,6 %
Innbyggere 0-5 år - per 31. des	663	715	744	774	776	804	833
Barn i kommunale barneh. - per 1. januar	66	60	71	36	30	34	38
Barn i private barneh. - per 1. januar	415	447	458	562	567	576	594
Sum barn i barnehage - per 1. januar	481	507	529	598	597	610	632
Sum barn i barnehage - per 31. des	507	529	598	597	610	632	653
Endring kommunale i løpet av året:	-6	11	-35	-6	4	4	-
Endringar private i løpet av året	32	11	104	5	9	18	21
Sum endringar i løpet av året:	26	22	69	-1	13	22	21
Økning i %	5,4 %	4,3 %	13,0 %	-0,2 %	2,2 %	3,6 %	3,3 %
Andel barnehageplassar av barn 0-5 år:	75 %	76 %	74 %	80 %	77 %	79 %	79 %
Andel barnehageplassar av barn 1-5 år:	88 %	90 %	90 %	96 %	92 %	94 %	94 %

Tilskotet til dei private barnehagane består av ein driftsdel og ein kapitaldel. Driftsdelen vert fastsett av rekneskapen frå drifta av dei kommunale barnehagane 2 år før budsjettåret. Ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal erstatte kommunen sine faktiske betalte pensjonsutgifter, slik det var i dei tidlegare forskriftene. For 2016 skal kommunen sitt rekneskap frå drifta av Marihøna Barnehage i 2014 leggjast til grunn. Kommunen hadde i 2014 pensjonsutbetalingar på 18,6% av lønsgrunnlaget, og kostnadsgrunnlaget i den kommunale barnehagen vert som følgje av dette ca. 5% lågare enn etter tidlegare regelverk.

Framlegg til satsar i 2016 for kapitaltilskot i PWC sin rapport av 22. januar 2016:	
Barnehagebyggets byggeår:	Tilskot per barn: (kr)
Før 2006	9 046
2007 - 2009	14 305
2010 - 2012	18 582
2013 - 2015	22 455

Til samanlikning - nasjonale satsar 2015:	
Ordinære barnehagar	9 500
Familie barnehagar	12 000

Framlegg til satsar i 2016 for kapitaltilskot oppdatert av UDIR 09.11.2015

Barnehagebyggets byggeår:	Tilskot per barn oppd. 2016: (kr)
Før 2007	8 800
2008 - 2010	14 100
2011 - 2013	17 400
2014 - 2014	18 300
Familiebarnehagar	12 900

Til samanlikning - nasjonale satsar 2015:	
Ordinære barnehagar	9 500
Familie barnehagar	12 000

Fastsetting av nye stasar for kapital skal skje av departementet, og desse vil variere i forhold til byggeåret for den einskilde private barnehagen. Kapitaltilskotsatsane i tabellen ytterst til venstre viser satsane som vart brukt ved berekning av budsjettet, medan tabellen til høgre viser korrigerte satsar frå departementet publisert 9.11.15.

Basert på informasjonen vi hadde på tidspunkt for utarbeiding av budsjettet for 2016 vart følgjande satsar lagt til grunn for tilskot per barnehage:

Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016	Blåklokka	Dromme-hagen	Espira Martha-haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskudd små barn	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	157 000
Driftstilskudd store barn	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	119 900
Kapitaltilskudd per barn	15 160	22 455	14 305	9 046	9 046	9 046	9 046	12 300

Oppdaterte satsar frå departementet publisert 9. november 2015 gjev følgjande tal:

Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016	Blåklokka	Dromme-hagen	Espira Martha-haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskudd små barn	176 444	176 444	176 444	176 444	176 444	176 444	176 444	149 500
Driftstilskudd store barn	84 011	84 011	84 011	84 011	84 011	84 011	84 011	113 700
Kapitaltilskudd per barn	14 760	17 400	8 800	8 800	8 800	8 800	8 800	12 900

Sammenligning statens satser og sats bruk i Meland kommune Heiltidsplassar		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	rev. budsjett 2015	Framlegg budsjett 2016	Oppd. 2016 per 09.11.2015
Små barn:	148 585	176 566	156 844	176 224	176 444	
Store barn:	70 178	85 357	73 663	84 062	84 011	
Kapitaltilskudd:	4 100	4 864	9 500	14 784	12 280	
Små barn inkl. kap.tilskot:	152 685	181 430	166 344	191 008	188 724	
Store barn inkl. kap.tilskot:	74 278	90 221	83 163	98 846	96 291	
Små barn endring frå året før i %:		19 %	-8 %	15 %	13 %	
Store barn endring frå året før i %:		21 %	-8 %	19 %	16 %	
Statens satser ordinære barnehagar						
Små barn:	181 000	191 300	197 600	201 120	196 200	
Store barn:	88 000	93 300	96 100	97 830	94 700	
Kapitaltilskudd:	7 500	9 100	9 500	14 784	12 280	
Små barn inkl. kap.tilskot:	188 500	200 400	207 100	215 904	208 480	
Store barn inkl. kap.tilskot:	95 500	102 400	105 600	112 614	106 980	
Avvik Meland kommune - Statens satsar						
Små barn inkl. kap.tilskot:	-35 815	-18 970	-40 756	-24 896	-19 756	
Store barn inkl. kap.tilskot:	-21 222	-12 179	-22 437	-13 768	-10 689	
Små barn inkl. kap.tilskot - avvik i %:	-19 %	-9 %	-20 %	-12 %	-9 %	
Store barn inkl. kap.tilskot - avvik i %:	-22 %	-12 %	-21 %	-12 %	-10 %	

For 2016 er det brukt veid gjennomsnitt av kapitaltilskot, då dette varierer med alder på barnehagebygget.

Eksklusive ekstraord. tilskot i 2014 og 2015

Tabellen til venstre viser tilskotssatsar per born til dei private barnehagane samanlikna med staten sin satsar. For 2016 har vi brukt eit veid gjennomsnitt for kapitaltilskotet. Vi viser både tala som er brukt i budsjettframlegget og ytterst til høgre tala som gjeld etter korrigerte satsar per 09.11.15.

Tabellen viser at satsane i Meland kommune for 2016 er rekna til å verte ca 10% under stanen sine satsar ved bruk av oppdaterte satsar frå departementet

For 2015 ligg satsane i Meland kommune om lag 20% under staten sine satsar. Det vart i 2015 i tillegg til dei ordinære satsane gjeve eit ekstraordinært tilskot på kr 5 mill., som ikkje er inkludert i berekninga.

Frå 2015 til 2016 (budsjett) aukar gjennomsnittleg tilskot med 15% for små barn og 19% for store barn. Dersom vi legg oppdaterte satsar frå departementet til grunn vert auken på 13% for små barn og 16% for store barn.

Sum omregna heildagsplasser i private barnehagar	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rev. budsj. 2015	Budsjett 2016
små barn:	172	234	232	201
store barn:	309	316	324	367
Sum:	481	550	556	568
Auke i året:	69	6	12	20
Sum tenesteområde Private barnehagar:				
Tilskot barneh. med drift heile året:	40 355	67 813	66 419	74 700
Nye avdelinger / avvikling i året	6 135	1 434		1 400
Ekstraordinært tilskot:		3 100	5 000	
Sum tilskot:	46 490	72 347	71 419	76 100
Andre kostn tenesteomr. private barneh.	4 535	1 551	2 071	2 750
Støttemidlar barnehage	1 267	1 500	1 500	1 500
Sum tenesteomr. private barneh:	52 292	75 398	74 990	80 350
Endring frå året før		23 106	-408	5 360
Endring frå året før i %		44,2 %	-0,5 %	7,1 %

Til venstre visar vi utviklinga av barnetal i dei private barnehagane frå 2013 - 2016, samt utvikling av kostnadane innanfor tenesteområdet totalt. Kostnadene til private barnehagar og tilhøyrande aktiviteter er i 2016 budsjettet med kr 80,35 mill., som er kr 5,4 mill. høgare enn i budsjett 2015. I økonomiplanen rekna vi med ein auke på kr 8,3 mill. pluss justering for prisauke. Når vi

kjem betre ut i budsjettet enn i økonomiplanen skuldast dette at vi får eit lågare barnetal, samt at vi får fleire store barn og færre små enn rekna med i økonomiplanen. Tilskotssatsane er kring halvparten for store i forhold til små barn, og den totale tilskotssummen vert dermed betydeleg redusert. Det er i tabellen over ikkje teke omsyn til dei nye satsar per 09.11.15.

I tillegg har omlegging av regelverket frå 1.1.2016 to effektar:

- Reduserte satsar til driftstilskot som følgje av redusert pensjonssats i berekninga.
- Auka kapitaltilskot.

I gjennomsnitt for barnehagane i Meland er resultatet at satsane for små born vert kring 2% lågare og at satsane for store barn er stort sett lik det som vi berekna i økonomiplanen.

9.7. Kommunal Barnehagedrift

Tenesteområdet består i drift av Marihøna barnehage, samt dei tilsette som arbeider med spesialundervisning i barnehagane. Tilskotsmidlane knytt til spesialundervisning på kr 0,7 mill. er overført til rådgjevartenesta.

Marihøna Barnhage

Budsjettforslaget legg til grunn at vi i løpet av 2015 har auka med ein pedagogstilling. Maksimalt barnetall vil da være om lag 38, litt avhengig av fordelinga mellom store og små barn. Kjøkkenet er oppgradert i 2015.

Spesialundervisning barnehagar:

Ingen vesentlege endringar i budsjettet og drifta held fram som i 2015.

10. Skulesektoren generelt

Totalt er det i skuleåret 2015/2016 1080 elevar i den offentlege skulen i Meland kommune. Skulane har til saman 62 klassar dette skuleåret, ein auke på 4 frå 2014/2015. Vi ventar mellom 10 og 20 nye elevar i skulen frå og med hausten 2016, noko som vi reknar med vil krevje 2 nye klassar som følgje av språkdeling på Grasdal og Sagstad. Kostnadene til å drifta desse er lagt inn i budsjettet på dei respektive skulane.

10.1. Grasdal skule

Skulen får auke i elevtalet om lag som venta i økonomiplanen. Det er 133 elevar ved skulen i skuleåret 15/16. Vi reknar med at vi får 21 nye 1. klassingar hausten 2016. Det er 13 7. klassingar som går ut våren 2016, så elevtalet er venta å auke til 138 elevar i skuleåret 16/17. I tillegg har vi kvart år ei viss tilflytting av elevar til dei andre klassestega. Slik utviklinga har vore dei siste åra, er det sannsynleg at vi kan forvente ei deling i målform i den nye 1. klassen, med ei bokmålgruppe og ei nynorskgruppe. Vi har difor budsjettert med ein ny klasse ved Grasdal skule i skuleåret 2016/17, og som konsekvens vil gjennomsnittleg tal på elevar per klasse gå noko ned. Grasdal skule har auke i elevtal med minoritetsspråklege barn og flyktningar, og må tilpasse og organisere opplæringa etter det. Vi skal etter nasjonale føringer auke innsats i realfag med 1 elevtime naturfag på 5.-7.klassessteg frå august 2016.

Vi omdisponerer lærartimar innanfor budsjettramma for å gjennomføre dette.

Som følgje av auke i elevtalet og meir språkdeling, er det budsjettert med auka kostnadene til lærermedialar. Det er fleire elevar som er tilmeldt PPT som vil få vedtak om timer i løpet av 2015/16. Det er budsjettert med 40% auke i elevassistentstilling. Vi har elevar som har behov for særskilt tilrettelagt undervisning, og vidarefører finansiering av dette.

Utbygginga som skal skje ved skulen i 2016 og 2017 vil føre til utfordringar med å organisere undervisning i dei klasseromma vi har til disposisjon. Vi har vanskar med å finne rom til å dele klassane for opplæring etter målform, rom til spesialundervisning mv. Men med dei planlagde klasseroma i midlertidige modulbygg håper vi å få undervisninga til å fungere

Skyssutgifter er venta å bli noko høgare enn nivået i 2015, grunna auke i elevtal, kommunalt vedtak om farleg skuleveg og auka skyssutgifter til utvida tilbod om symjeopplæring som ligg i budsjettframlegget.

SFO ved Grasdal skule merkar og auken i elevtal med større grupper av 1.klassingar kvart år. Vi har hatt dyrare drift enn dei andre SFO-ane i kommunen, og arbeider med tiltak for betre balanse mellom eigenbetalinga og driftsutgiftene. Vi går difor ned på total bemanning med 25% stilling.

10.2. Meland Ungdomsskule

Det er rekna med at det som no også for skuleåret 2016-17 vert 2 store klassar på kvart klassessteg ved skulen. Skuleåret 2015-16 er det 140 elevar ved ungdomsskulen. Frå 2018/19 reknar vi med at det aukar tre parallellear frå og med lågaste klassetrinn.

Det vert satsa på høg fagkompetanse blant undervisningspersonalet ved ungdomsskulen. Kompetanse kostar, og det betyr at det er høge lønskostnader ved skulen, i forhold til gjennomsnittleg lønsnivå i skulen. Alderssamansettinga i personalet gjer også at vi har eit høgare gjennomsnittleg lønsnivå, og må beregne ressursar til seniortiltak (nedsett undervisningsplikt og ekstra ferieveke). Nye læreplanar i fleire fag samt slitasje på lærebøk gjer det også naudsynt med utskifting av lærebøker. Dette tar vi litt om litt, men krev auka ressursar.

Vi har ei utfordring med å gje særskild norskopplæring til elevar som kjem frå andre land/språkområde. Fleire av desse kjem kanskje midt i skuleåret (arbeidsinnvandring), og alle har krav på å få særskild opplæring i norsk. For dei som kjem som flyktningar, kan vi finansiere slike tiltak via statlege flyktningetilskot, men alle andre slike tiltak må vi ta av den tilgjengelege budsjetttramma. Elles er enkeltelevar med omfattande særskilte behov medverkande til at skulen har høgt tal med årsverk per klasse.

Vi er også for neste skuleår avhengig av leigeavtale med Nordhordland folkehøgskule og Meland Aktiv for at elevane ved ungdomsskulen kan få den lovfesta undervisninga i kroppsøving (med symjing), og for å ha ein stad å vera når vi skal samla alle elevane.

10.3. Rossland skule

Rossland skule har i skuleåret 2015/2016 232 elevar fordelt på 13 klassar. Vi reknar med å få tre færre elevar skuleåret 2016/2017. I dette talet er ikkje eventuelt byte til Danielsen ungdomskule tatt med.

Sakkunnige vurderingar om tilrettelegging for/undervisning av enkeltelevar med omfattande særskilte behov har auka vesentleg i volum det siste året. Vi har også fått inn gjesteelevar frå andre kommunar med særskilte behov. Grunna desse tilhøva har vi auka med om lag ein assistentstilling, og vi har også mått auka lærardekninga. Noko av auka vil vera finansiert av refusjonar.

På ungdomstrinnet har det dei siste åra vorte innført nye fag og auka timetal som ein har mått dekka inn. Også i desse faga er det trong for tilrettelegging for elevane våre med særskilte behov.

Det vert i åra framover store behov for nyinnkjøp og supplering av slitte/utfasa læremidlar i spesialrom. Vi har lenge arbeida under eit nedtrekk i budsjett for læremidlar, og ein del av utstyret er slitt ut, oppbrukt eller gammaldags. Det er også trong for supplering av elevbord og stolar. Dei stolane og borda vi har no på ungdomstrinnet er svært gamle og slitne.

10.4. Sagstad skule

Elevtalet ved Sagstad skule er framleis aukande. I dag er det 377 elevar på skulen. Dette er noko lågare enn i økonomiplanen grunna utflytting frå skulekrinsen. Elvetalet er venta å auke til 386 skuleåret 2016-2017. Talet på nye 1. klassingar hausten 2016 er venta å bli 57. Elevtalet ved skulen vil då auke med 9 elevar. Sjølv om dette er ei lågare vekst enn det ein har hatt dei siste åra vil det likevel føre til ei auke på ein klasse på

grunn av språkdeling. Skulen har budsjettet med 3 1. klassar neste skuleår. Dette er i tråd med prioriterte tiltak i økonomiplanen.

Tala er basert på elevar vi i dag veit vil bu i skulekrinsen til skulestart hausten 2016. Det er viktig å understreke at dette nok ikkje vil vere heilt riktige tal, ettersom det både flyttar elevar inn og ut av skulekrinsen i løpet av skuleåret. For å dekkje auke i talet på klassar er det budsjettet med ein ny lærar i 100% stilling. Skulen får og frigjort ein del ressursar til neste skuleår ved overføring av elevar til ungdomsskulen.

Med dei stillingane skulen har per i dag har vi bemanning til å dekkje inn kjende ressursbehov. Skulen har ei utfordring i og med at ein ikkje veit sikkert ressursbehovet for elevar som treng spesialundervisning neste år. Oppmeldingane til PPT frå barnehagane kjem ofte på våren og skulen veit såleis lite om ressursbehovet på neste års 1. trinn i budsjettprosessen. Skulen har og 10 elevar på venteliste til utgreiing hos PPT. Fleire av desse elevane har vanskar av ein slik art at dei truleg vil få tildelt ressursar til spesialundervisning i løpet av 2016. Skulen ser ikkje korleis ein skal kunne klare denne auka innan tildelt budsjettramme.

Ei stor utfordring ved skulen er at eit aukande elevtal vil gje auka kostnader og på andre områder enn løn. Kostnader knytt til undervisningsmateriell aukar og skulen har og læreverk som er moden for å bytast. Skulen har i 2016 ikkje budsjettet med endring i skyssutgifter som forventast å vere på same nivå som i 2015.

SFO på Sagstad skule var blant dei som merka nedtrekket i 2013 mest. Eit auka elevtal kombinert med fleire elevar med særskilde behov har gjort at skulen har hatt vanskar med å drive forsvarleg. SFO bemanninga fekk eit løft 2015. Skulen forventar omrent same elevtalet på born i SFO neste år, og kan i utgangspunktet drive vidare med den bemanninga ein har no, men det er lagt inn ei mindre auke frå hausten 2016 for å ha kapasitet til nye elevar med spesielle behov som kjem. Sagstad skule ligg lågt på skulesekretærressurs samanlikna med dei andre skulane, og det er lagt inn ein auke med 30% frå og med 01.08.2016.

I månadsskiftet februar/mars 2016 er det planlagt at utbygginga på Sagstad skule skal byrje. Dette vil gje skulen nokre utfordringar. Det er framleis uklart korleis byggeperioden vil arte seg. Det kan ein ikkje seie så mykje om før entreprenør er valt. Det som er klart er at store deler av skuleplassen på stengast i byggeperioden og at frå 8 til 13 klassar må flytte frå skulen til modulbygg/Meland Aktiv litt avhengig av rivningstakta. Dette kjem til å påverke drifta ved skulen i stor grad. Skulen er uroa for at det i byggeperioden vil være nok grupperom tilgjengeleg til alle elevar med særskilde behov. Ein ser og for seg at store deler av personalet må ha arbeidsplassar og pauserom i modulbygg. Med store avstandar gjev dette oss store timeplantekniske utfordringar i ein allereie stram personalkabal.

10.5. Vestbygd skule

Vestbygd skule har i skuleåret 2015/2016 198 elevar fordelt på 14 klassar. Prognosane seier 16 1.klassingar hausten 2016, medan det går ut 24 elevar våren 2016. Elevtalet ved Vestbygd skule hausten 2016 vil då vere rundt 190.

Det er språkdeling på alle trinn; noko som set grenser for i kor stor grad grupper kan slåast saman. Dette betyr at det går ekstra ressursar med til dette. Vi har også etter kvart fått store kull på trinna oppover pga. tilflytting. Vi får og store og omfattande behov innanfor spesialundervisning, og det kan vere vanskeleg å stipulere dette nøyaktig i og med at elevar framleis er til utgreiing/vurdering.

Det vert i åra framover store behov for nyinnkjøp og oppdatering av ulike læremidlar.

Me tar høgde for noko færre born i SFO i 2016.

11. Helse, NAV, Barnevern, Sjukeheimen og Heimetenesta

11.1. Helse

Budsjettet skal dekke utgifter til legeteneste, ergo- /fysioterapiteneste, helsestasjon og psykisk helse og rusvern. Delar av utgiftene dekker tenester som vert gitt innan andre tenesteområde, t.d. legeteneste og fysioterapi på sjukeheim og i skulehelseteneste, og ergoterapitenester til brukarar med tverrfaglege tenester. Utgiftene til den interkommunale legevakttenesta aukar med kr 1,7 mill. Kr 1,4 mill. av dette skuldast omlegging av finansieringsordninga for ØH-senger (Øyeblinkleg Hjelp), og vi får tilsvarende auke i rammetilskotet. Elles skuldast auken at Meland veks meir i folketal enn samarbeidskommunane, samt utgifter knytt til nytt nasjonalt naudnett for beredskapsetatane.

Det er i vedteken økonomiplan ikkje lagt opp til driftsauke i 2016. I statsbudsjettet er det lagt inn om lag 0,5 mill. som skal nyttast til styrking av helsestasjon / skulehelseteneste. På bakgrunn av dette er det i budsjettet for Meland lagt opp til å styrke helsestasjon / skulehelseteneste tilsvarende. Tenestetilbodet innan andre helseområde vil vere omlag uendra. På nokre område vil tilboden per innbyggjar bli noko lågare grunna folkeveksten. Dette gjeld i hovudsak innan kliniske tenester som t.d. fysioterapi og fastlegeordninga.

Sjølvé driftsramma for tenesteområdet vil auke. Dette har i hovudsak regnskapstekniske forklaringar knytt til føringar av statlege tilskot. Frå og med 1. januar 2016 er kommunale akuttsenger ei lovpålagnad teneste. Disse sengene vart etablert i 2013 ved Nordhordland legevakt, fullfinansiert med statlege prosjektmidlar både til deltagarkommunane og direkte til vertskommunen. Desse tilskota er frå 2016 innlemma i rammetilskotet til kommunen (1,43 mill. kr), og vi får i praksis ei tilsvarende netto utgiftsauke på helse, som del av auken i utgiftene til den interkommunale legevakttenesta.

Tiltak innan rus / psykisk helse (bu-vegleiing) vidareførast. Desse var i 2015 fullfinansiert med statlege tilskotsmidlar gjennom Fylkesmannen. Det er forventa at dette statlege tilskotet vert vidareført i 2016, men det må søkast på som øyremerka tilskot når dei vert lyst ut i 2016. Det er i budsjettet lagt inn forventning om vidareføring av dette tilskotet. Vidare kjem det i 2016 heilårseffekt av ny stilling på helsestasjonen i 2015, samt halv driftsheimel for fysioterapeut frå 2. halvår 2015.

Totalt er budsjettet for Helse styrkt i samsvar med dei føringar og endringar som er forventa i Statsbudsjettet.

11.2. NAV / Sosiale tenester

Tenesteområdet si budsjetttramme er for 2016 på kr 11,95 mill. mot 11,8 mill. i 2015, som er ei auke på 1,3%. Legg ein prisveksten på 2,7% til grunn har tenesteområdet ein reell innstramming .

Dei største budsjettpostane er tilskotet til Meland Arbeidssenter med vel kr 4 mill. og økonomisk sosialhjelp med kr 4,3 mill. Sosialhjelp er redusert med kr 400.000,- på dette budsjettområdet, og er i samsvar med prognosar for 2015. Samstundes er sosialhjelp knytt til flyktningar auka men ligg på eige budsjett og vert dekka av fondsmidlar sett av til føremålet. Vi ser ei løpende auke i saker som kontoret får til handsamling, men med innstramming av praksis reknar vi med å kunne halde budsjettet. Det er eit mål at brukarar ikkje skal vera passive mottakarar av ytingar. Det er få brukarar som har sosialhjelp som einaste inntektskjelde over tid.

11.3. Flykningar / innvandrarar

Alle tiltak og tilskot til flyktningar/innvandrarar er ført på eige ansvarsområde. For 2016 er det budsjettert med at tilskotet overstig kostnadane med kr 2,6 mill., og overskotet vert sett av til fond for å utjamne forventa kostnadar seinare år. Det kan og kome uføresette kostnader i 2015 avhengig av kven (alder, traumar, helsetilstand ol) som faktisk vert busett. I budsjettet er det lagt inn auka utgifter til refusjon for tiltak i andre tenesteområde frå 0,7 mill. i 2015 til 1,5 mill. i 2016.. Dersom det vert trøng for fleire slike tiltak i løpet av året, har vi midlar til å styrke arbeidet innan til dømes skule, barnehage, helse, teknisk utan at det går utover kommunen si totale budsjetttramme.

11.4. Barnevern

Barnevernstenesta er oppdelt i generell drift og lønnskostnader til medarbeidarane med kr 3,6 mill., kr 0,4 mill. til barnevernstiltak i heimen (i familien) og kr 4,9 mill. til tiltak utanfor familie. Kommunen får også i 2016 statlege tilskot til 2 heile stillingar i barnevernet. Av midlane til tiltak utanfor familie er det budsjettert med kr 0,9 mill. i godtgjersle til fosterheimar, og kr 3,8 mill. til kjøp av tiltaksplassar.

Det er eit press mot tenesta og stadig forventning om auke i tenestenivå. Kommunal eigendel ved plassering i statlege/private tiltak har auka frå 40% til 55% i 2016. Den kommunale eigendelen skal aukast til 75/80% i løpet av dei nærmaste åra. Berekna meirutgift i 2016 er kr 1,3 mill.

11.5. Meland sjukeheim

I budsjettframlegget 2016 for Meland Sjukeheim er det lagt til grunn drift av 12 pasientrom ved demensavdelinga i Lerketunet, 18 pasientrom på langtidsavdelinga, Nordgardstunet og 9 pasientrom ved korttid- og rehabiliteringa, Solkroken, totalt drift av 39 pasientrom.

Budsjettet for 2015 sikra drift av 17 pasientrom ved Langtidsavdelinga og 7 pasientrom ved Korttidsavdelinga. I tillegg vart det innvilga 1,4 mill. for å auka opp ytterlegare drift av fleire pasientrom.

Denne siste auken har i 2015 gitt drift av 18 pasientrom ved langtidsavdelinga og 8 – 9 pasientrom ved kortidsavdelinga.

Ved drift av to nye pasientrom var berekna ein kostnad på 1,9 mill. (jf. budsjettframlegg 2015).

For å sikra årsverknad av denne drifta er det for 2016 budsjettet med auka kostnadene på kr 0,5 mill.

Korttidsavdelinga har i periodar hatt auka belegg med opptil drift av totalt 10 pasientrom noko som er svært utfordrande i høvet til tilstrekkeleg og kvalifisert helse- og omsorgs personell.

Natt-tenesta har vore i ein utfordrande situasjon med omsyn til sjukepleiar-kompetanse og samhandlingsreforma krev at ein har godt kvalifisert personell til helse- og omsorgstenesta. Dette gjer at det er trond for auka sjukepleiar-kompetanse. Det må vera sjukepleiar i natt-patruljen samstundes som det er sjukepleiar ved sjukeheimen. I budsjettet for 2016 er lagt opp til auke i sjukepleiarstillingar for 2016. Dette er i tråd med nytt tiltak vedteke i økonomiplanen for 2016 – 2019.

Dei siste åra har ein ikkje hatt rom for drift ved dagsenteret i feriar. Dagsenteret har difor vore stengt i ferievekene. I framlegget til budsjett for 2016 er det lagt inn midlar til full drift i feriane.

Desse tiltaka er ikkje prioritert i 2016:

- For å få betre effekt av opphold ved korttids- / rehabiliteringsavdelinga er det vurdert trond for å auka kapasiteten for fysioterapi ved institusjonen med nye 0,5 årsverk.
- Meland Kommune har trond for å styrke dag-aktivitetstilbodet særskilt for personar med begynnande demenssjukdom (tidleg fase). Dette er ikkje prioritert i 2016.

11.6. Heimetenesta

Det er utfordrande for Heimetenesta å utforme sikre prognosar for drift då ein til ei kvar tid må handtere individuelle omsorgsbehov frå både noverande og nye innbyggjarar, samt nye akutte behov som kjem opp i løpet av budsjettåret.

Budsjettet gir ikkje nokon driftsauke i forhold til eldre eller alvorleg sjuke heimebuande. Etter innføring av samhandlingsreforma er sjukehusopphalda kortare, og pasientane er dårlegare og meir ressurskrevjande ved utreise enn tidlegare. Sjukeheimen har ikkje kapasitet til å gje plass til alle aktuelle sokjarar som ville hatt god nytte av eit sjukeheimsopphald. Desse pasientane må få forsvarlig hjelp i eigen heim. Dette stiller større krav til kunnskapar og tilgjengeleg fagpersonale på dei ulike vaktene i heimetenesta. Behovet for ekstra personale har vore stort, og har resultert i mykje overtid for det faste personalet.

I Stortingsmelding 29, Morgondagens omsorg, vert kommunane oppmoda til å utvikle tenester som støtter opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. Meland kommune har frå våren 2015 tatt del i nasjonal satsing/nettverk innan «kvardagsrehabilitering». Arbeidsforma er krevjande ved oppstart og etablering, men gir dokumenterte gevinstar som reduserte vedtakstimar, meir sjølvstendige pasientar og betre helse på lang sikt. Oppstart for Meland kommune vert i januar 2016, men då i redusert grad sidan ein ikkje får ytterlegare ressursar til formålet i 2016. Først frå 2018 er det i vedteken økonomiplan (2016-2019) lagt inn 2 nye stillingar til dette tiltaket.

Heimetenesta nyttar for tida om lag 60 % av samla budsjettramme til tenesteyting til barn og unge vaksne med særskilte behov/funksjonsnedsetting. Dette er ei målgruppe med spesielle helseutfordringar og krav til forsvarleg helsehjelp både på kort og lengre sikt. Når det gjeld kjende brukarar, er det for tida 8 personar som har trøng for særers ressurskrevjande tenester med refusjonsrett frå staten. Pårørande til barn og unge med ulike funksjonsnedsettingar har i mange tilfelle ein krevjande omsorgssituasjon der det er viktig med til dømes avlastningstiltak. Det er ei føremon at kommunen kan etablere tenlege tiltak tidleg i livsløpet for om mogeleg å motverke meir kostnadskrevjande tiltak seinare. Når det gjeld avlastning, støttekontakt, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn, er det ikkje tatt høgde for at det kan kome søknad om auka teneste hjå kjende brukarar eller nye søkerar i 2016. Grunna mangel på kommunal avlastning er det naudsynt med kjøp av tenester i 2016 som er eit dyrare alternativ.

Det er trøng for kapasitetsauke innan forvaltning/vedtaksvurdering med omsyn til BEON prinsipp - rett tenesteyting til rett tid og med rett nivå. Ressursar til ei slik stilling for 2016 er ikkje prioritert.

12. Kultur

Det er eit mål for tenesteområde kultur å oppretthalde gode tenester innanfor kultur, Frivilligsentralen, kulturskulen og biblioteket. I budsjettet for 2016 er det svært knappe rammer, men vi ønskjer likevel å halde fast på auken i kulturmiddlar til lag og organisasjonar. For kulturskulen er det viktig å bruke tilgjengelege stillingsheimlar, samt tiltak for å styrke drifta. Biblioteket vil i 2016 vere inne i tredje og avsluttande år for samarbeidsprosjektet med Lindås bibliotek. Prosjektet vil tilføre biblioteket ny kompetanse og betre tilbodet til innbyggjarane.

Ungdomsklubb i Meland er det ikkje rom for innanfor tenesteområdet sitt eige driftsbudsjett og må handsamast som eigen sak.

13. Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

13.1. Oversikt

Tenesteområdet er oppdelt i følgjande ansvarsområde:

- 600 Egedomsforvaltning og utbygging
- 601 Plan, geodata og oppmåling, delvis finansiert med gebyrinntekter
- 602 Byggesak, sjølvkostbasert og finansiert med gebyrinntekter
- 603 Landbruk, natur og miljø
- 610 Drift og vedlikehald kommunale bygg
- 612 Drift og vedlikehald vegar, kaiar og plassar
- 613 Reinhald
- 614 Avlaupsreinsing Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 615 Vassforsyning Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 616 Slamtømming og feiing, interkommunale tenester der alle driftskostnader ligg i samarbeidstiltaket. Meland kommune står for innkrevjing av avgifter. Netto ramme 0, områda er sjølvkostbaserte.

13.2. Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk

13.2.1. Utbygging og forvaltning av kommunen sine eigedomar, vregar, vatn- og avlaupsanlegg

Kommunen eit mange bygningar, store tekniske anlegg og mykje areal, til bruk for innbyggjarane. Fleire bygg og anlegg veks vi ut av; folkeveksten gjer det til tider trøngt om plassen. Trygg og stabil vassforsyning, klasserom fri for muggsopp, avlaupsanlegg som ikkje ureiner og vregar som er framkommelege sommar som vinter, er basis for at det i det heile kan bu folk i kommunen. Det gjeld for gamal og ung, for sjuke og friske, for næringsdrivande og privatpersonar. Det er eit fundament som verken er brukarstyrt eller behovsprøvd.

Dei siste tiåra har kommunen fått fleire vregar å drifta, fleire bygg å vedlikehalde, fleire vatn- og avlaupsanlegg å drifta, meir kompliserte driftsovervåkingssystem, strengare krav til dokumentasjon og rapportering, høgare krav til brøyting og anna vintervedlikehald, og generelt fleire innbyggjarar med høge forventningar til kvaliteten på kommunale bygg, vregar og anlegg. Tal tilsette innan drift og vedlikehald har stått i ro. Kompetansekravet er høgt, noko som er utfordrande i høve til rekruttering.

Kommunen har ei stor og viktig oppgåve i verdiforvaltning slik at den felles bygnings- og anleggskapitalen vert teken vare på. Vidare har kommunen ei stor og viktig oppgåve i verdiskaping når nye bygg og anlegg må byggjast ut. Måten investeringsoppgåvene blir planlagt og gjennomført på, har stor verknad for kommunen sin økonomi både når det gjeld investeringsbudsjettet og etterfølgjande kostnader til drift og vedlikehald. Dei siste åra er derfor kapasitet og kompetanse innan utbygging og forvaltning blitt styrka.

Budsjettframlegget inneholder ingen aktivitetsauke. Framlegget inneholder noko auke i faste driftskostnadene knytt til nybygg / tilbygg, men det generelle vedlikehaldsnivået må reduserast for å sikre at alle dei faste kostnadene blir dekka. For vegane sin del kjem det auka straumutgifter til veglys etter kvart som trafikksikringstiltak blir gjennomført, her må det generelle vegvedlikehaldet og evt. vinterberedskapen reduserast.

13.2.2. Planlegging, byggesaksbehandling, kart og oppmåling, landbruk og miljø

Gode utbyggingsplanar, god byggesaksbehandling og korrekt matrikkelføring er like fundamentalt for at folk vil bu i kommunen, og for kommunen sine skatteinntekter. Innbyggjarane kan t.d. ikkje velje berre «litt» byggesaksbehandling. Den private eigedomsretten blir i høgste grad påverka av korleis kommunen handterer desse tenestene, som er særskilt detaljert lov- og forskriftsregulert, krev høg kompetanse og god nok kapasitet.

Om få år vil det bli nødvendig å auke kapasiteten meir innan arealplanlegging, både på grunn av sterkare detaljfokus frå regionale og statlege styresmakter og fordi kommunen er sentral i samarbeidet om utfordringane i Bergensregionen. Arealdelen til kommuneplanen legg elles til rette for storstilt nærings- og bustadutbygging. Det er også nødvendig å bruke ressursar på større kommunale planer, t.d. Midtmarka, Langeland og Ryland/Vikebø.

Eit godt plansystem og effektiv plansaksbehandling krev noko budsjettmidlar til konsulenthjelp, då kommunen ikkje har full kapasitet til å drive all planlegging i eigen regi. Innan byggesaksområdet vil det ikkje vere mogeleg å drive til sjølvkost i 2016. Lovendringar har ført til at kommunane treng meir erfaring med framtidige tilsyn, sakstypar og saksfokus for å kunne utarbeide gebrysatsar som treff.

13.2.3. Ureining og tilsyn

Kommunen har eit stort ansvar for å følgje opp ureiningssaker og forsøpling, og føre tilsyn med ulike private bygg og anlegg. Sakene er tidkrevjande og det er nødvendig å bruke relativt store ressursar for at eventuelle miljøsyndrar skal bli pålagt å rydde opp etter seg, eller for at ulovlege tiltak blir fjerna. Dersom kommunen sjølv må rydde opp til slutt, kan kostnadene bli store. Administrasjonen er noko uroleg for at desse sakene ikkje får nok prioritet og kva for inntrykk som då blir skapt.

13.2.4. Administrasjon og leiing

Kommunen har framleis ein tradisjonell teknisk etat med ei leiarstilling. Avdelinga har eigen avdelingsleiar for drift og vedlikehald, men elles er det ingen vidare oppdeling i formell avdelingsstruktur. Pr i dag er det ikkje budsjettdekning eller stillingsheimlar nok til å etablere / oppgradere ein avdelingsstruktur, noko som er viktig om ein ønskjer å ivareta god leiarskap.

Med auka digitalisering og fleire elektroniske sakssystem er svært mange sekretærer oppgåver overført til saksbehandlarane. Sakbehandlarane må i større og større grad flytte fokuset vekk frå faglege og juridiske vurderingar til handtering av datasystem og kontoradministrasjon, som dei er mindre trent i. Når saksmengda er liten går det bra, men med stor saksmengde (som er vanleg i teknisk sektor) vil dette på sikt medføre auka behov for saksbehandlarar på fleire område.

13.3. Rapportering

13.3.1. Vedlikehaldsplanen for kommunale bygg

Vedlikehaldsplanen for kommunale bygningar vart første gong godkjent av kommunestyret i møte 19.10.2011, og revidert gjennom nytt vedtak 14.10.2015. Kommunestyret skal ha rapport i samband med budsjettbehandlinga kvar haust. Konkrete prioriteringar skal gjerast av Utval for drift og utvikling første kvartal kvart år. I budsjettframlegget frå rådmannen for 2016 er det noko mindre midlar i driftsbudsjettet enn i 2015, pga. auken i faste kostnader. Til saman i investeringsbudsjettet og i driftsbudsjettet er det sett av om lag 1,5 mill.

På Rossland skule er det i 2015 m.a. skifta takstein på symjehallen, pumper mm i bassenget er rehabilert, symjehall og gymsal er malt utvendig, det er montert elektriske dørropnarar og rampe for rullestolbrukskarar, nokre ytterdører er skifta, det elektriske anlegget er utbetra etter pålegg frå BKK. Vestbygd skule har m.a. fått montert elektriske dørropnarar, golv i gymsal er skifta, nokre toalett er utbetra. På Sagstad skule er oljetanken for fyringsolje fasa ut, det er installert innbrotsalarm i heile bygget og det er montert nokre elektriske dørropnarar. På Meland ungdomsskule er det m.a. montert nokre elektriske dørropnarar, og heile den eldste bygningen er malt utvendig. Oljetanken for fyringsolje er fasa ut, og det elektriske anlegget er utbetra etter pålegg frå BKK. Marihøna barnehage har fått nytt kjøkken og nytt uteskur.

På Rådhuset er det gjort noko ombyggingsarbeid for å skaffe nye kontorplassar, og deler av ventilasjonsanlegget er utbetra. Elles er det planlagt å skifte eternittaket på gamle meieribygningen på Frekhaug, på grunn av større lekkasjar. Endeleg er det nødvendig å få energimerka alle kommunale bygg, her må det leigast inn konsulent.

I utleiebustadene er det gjort utskiftingar, ombyggingar og oppgraderingar der det har vore nødvendig før nye leigetakarar flytter inn, i hovudsak kjøkken og bad. Noko utvendig malearbeit er utført.

Administrasjonen vurderer at ved å auke dei faste årlege løyvingane til vedlikehald, utover dagens nivå, vil standarden på kommunale bygg kome opp på det nivået som vedlikehaldsplanen legg opp til. Arbeidet må planleggjast i god tid og førebuast i tråd med lov om offentlege innkjøp. Utover dei planlagde vedlikehaldstiltak må det utførast vedlikehald og oppgraderingar som oppstår i akutte situasjonar, og reparasjonar etter hærverk eller skader.

13.3.2. Asfaltering kommunale vegar

Det er gjort framlegg om å sette av kr 700 000 i investeringsbudsjettet til oppgradering av kommunale vegar kvart år. I 2015 er følgjande vear oppgradert og asfaltert:

- Mjåtveitvegen
- Veg til Flatøy aust
- Solberget på Flatøy
- Kommunal veg på Skjelanger
- Deler av veg til Øvre Fosse
- Del av Hestnesvegen

13.3.3. Trafikksikringstiltak

Kommunen har ansvaret for trafikksikringstiltak på dei kommunale vegane. Prioritering av tiltak følgjer den vedtekne tiltaksplanen for trafikksikring 2012 – 2016 (planlagt rullering i 2016). Nullvisjonen er: «Ingen vert drepne eller varig skadd i trafikkulukker. Innbyggjarane i Meland er, og føler seg, trygge i trafikken.»

Det er gjort framlegg om å sette av kr 300 000 i investeringsbudsjettet til trafikksikringstiltak kvart år. I 2015 er følgjande tiltak gjennomført:

- Fartshumpar Mjåtveitvegen
- Veglys Skarpenesvegen
- Veglys Mjåtveitvegen ved bruva (blir gjennomført i oktober)

I 2015 vart det i tillegg sett opp veglys langs vegen til Dalemarka, gjennom eiga løyving i investeringsbudsjettet. Det er også løyvd midlar til veglys langs vegen til Beitingen, dette blir gjennomført i 2016.

13.3.4. Behandling av private planar og utarbeiding av kommunale planar / utgreiingar

Oversikt over private reguleringsplanar og kommunale planar / utgreiingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk blir lagt fram for kommunestyret i budsjettprosessen, sist i møte 17.12.2014. Utval for drift og utvikling vart orientert om status for 1. halvår 2015 og prioriteringar for 2. halvår, i møte 28.04.2015. Formannskapet fekk same orientering i møte 20.05.2015.

Kommunale planar og utgreiingar

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har vore intensivt, og planen vart endeleg godkjent av kommunestyret i møtet 17.06.2015. Arbeidet med offentleg områdeplan for Midtmarka er starta opp, i samarbeid med utbyggjar og deira konsulentar. Kommunen sin arealplanleggjar og samfunnsplanleggjar

følgjer tett opp denne plansaka. Kommunen deltar i eit statleg byregionsamarbeid, i lag med Lindås, Fjell og Os kommunar; planarbeidet for Midtmarka er godt tilpassa dette prosjektet. I 2016 kan det bli oppstart av offentleg områdeplan for Langeland, også denne i samarbeid med utbyggjar og deira konsulentar. I tillegg er oppstart av arbeid med offentleg områdeplan Vikebø høgt prioritert. Budsjettframlegget inneheld ein sum til konsulenthjelp.

Det er starta arbeid med ei felles kommunal vegnorm, gjennom eit nettverk i regi av Norsk Kommunalteknisk Foreining – Hordaland. I 2016 skal trafikksikringsplanen rullerast.

Private planar

I 2015 er det halde oppstartsmøte for 4 reguleringsplanar (Fossesjøen, Mjåtveitmarka - endring frå industri til bustad i, utviding av eit mindre område i Mjåtveitmarka og Moldeklev - endring delområde). Det er halde sonderingmøte for fleire andre plansaker, m.a. mogeleg endring Bergotunet. Ein plan (Danielsen skule) er kome inn for sluttbehandling, utover dette er det halde fleire dialogmøte underveis i påvente av at utbyggjarane skal sende inn sine endelege planframlegg (Hjertås Industriområde, Holsberget, Forretningsområde Holme). I 2016 kjem fleire planar til å bli fremja for politisk handsaming.

Revidert utbyggingsavtale for Mjåtveitmarka etter Waldekonkursen er godkjent.

14. Gebyr, avgifter og betalingssatsar

Følgjande satsar skal gjelde for 2016:

Kulturskule

Vårsemester	2015	2016	% auke
Instrumentopplæring	1 500	1650	3 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 125	1 237	3 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	750	825	3 %
Haust-semester	2015	2016	% auke
Instrumentopplæring	1 650	1 700	3 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 237	1 275	3 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	825	850	3 %

Skulefritidsordninga

Born i heil plass	2015	2016	% auke
Born i heil plass (15-23 timer pr veke)	2 375 pr mnd	2 500 pr mnd	5 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 775 pr mnd	1 870 pr mnd	5 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	1 185 pr mnd	1 245 pr mnd	5 %
Born i halv plass	2015	2016	% auke
Born halv plass (7-14 timer pr veke)	1 545 pr mnd	1 620 pr mnd	5 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 160 pr mnd	1 120 pr mnd	5 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	775 pr mnd	815 mnd	5 %

Sal av kopiar.

Til private/ firma:

Enkle kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 4,- pr stk.	Enkle kopiar A-4 farge	Kr. 6,- pr stk.
To-sidig kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 6,- pr stk.	To-sidig kopiar A-4 farge	Kr. 8,- pr stk.
Enkle kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 6,- pr stk.	Enkle kopiar A-3 farge	Kr. 8,- pr stk.
To-sidig kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 8,- pr stk.	To-sidig kopiar A-3 farge	Kr. 12,- pr stk.

Til lag og organisasjoner:

Enkle kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 2,- pr stk.	Enkle kopiar A-4 farge	Kr. 3,- pr stk.
To-sidig kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 3,- pr stk.	To-sidig kopiar A-4 farge	Kr. 4,- pr stk.
Enkle kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 3,- pr stk.	Enkle kopiar A-3 farge	Kr. 4,- pr stk.
To-sidig kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 4,- pr stk.	To-sidig kopiar A-3 farge	Kr. 6,- pr stk.

Utskrift printar/ storformatplottar- frå kartsystem eller skanna dokument (kart/ teikning):

Format	Svart/ kvit	Farge
A-4	Kr. 30,- pr stk.	Kr. 60,- pr stk.
A-3	Kr. 60,- pr stk.	Kr. 120,- pr stk.
A-2	Kr. 90,- pr stk.	Kr. 180,- pr stk.
A-1	Kr. 120,- pr stk.	Kr. 240,- pr stk.
A-0	Kr. 150,- pr stk.	Kr. 300,- pr stk.

Berre skanning og sending av dokument pr. e-post Minstepris 200,-

Andre betalingssatsar vert lagt fram som eigne saker.

15. Investeringsbudsjett 2015 og kapitalrekneskapen for 2015

Vedtak om investeringsbudsjettet gjeld for året 2016. Når vi i tabell og kommentarar og skriv noko om investeringar i åra framover er det for å vise kva prioriteringar som skal vere retningsgjevande for framtidige investeringar, og som vil ligge til grunn når økonomiplanen vert rullert våren 2016.

Tabellen inneholder først kolonner for investeringsbeløp ekskl. mva. I budsjettvedtaket skal vi ha med investeringsbeløp inkl. mva, og mva-refusjon skal være ein del av finansieringa. Dette gjeld ikkje for VA-investeringar som skal aktiverast netto ekskl. mva.

15.1. Ordinære investeringar og andre kapitalutgifter

Tabellen på neste side visar framlegg til investeringar i ordinære driftsmidlar ekskl. Vassverk og avlaup, samt andre kapitalutgifter. Kolonnen heilt til høyre viser budsjett-tal for 2016 inkl. mva, som er det kommunestyret skal gjere vedtak på. I første del av tabellen er investeringane sett opp ekskl. mva slik dei og står spesifisert i økonomiplanen. Vi får mva-beløpa refundert, men dette skal formelt inngå som del av finansieringa av investeringane. Totalt legg rådmann opp til investeringar i ordinære driftsmidlar på kr 229 mill. i økonomiplanperioden. I tillegg kjem andre kapitalutgifter på kr 35 mill., hovudsakleg startlån for vidareutlån.

I økonomiplanen var det i perioden 2016 – 2019 estimert investeringar på kr 134 mill. Auken skuldast forskyving av prosjekt frå 2015, auka utgifter til Grasdal og Sagstad skular vedteke av kommunestyret i september 2015, auka midlar til utleigebustader og omsorgsbustader, samt at startlån ikkje var med i økonomiplanen då den vart vedteken.

Ordinære driftmidlar:	2016	2017	2018	2019	Sum 16-19	Sum prosjekt	2016
IKT	1 500	1 300	1 300	1 300	5 400	-	1 875
IKT Nordhordland	400	450	450	450	1 750		500
IKT Meland	650	550	550	550	2 300		813
Datautstyr skulane	300	300	300	300	1 200		375
Ny telefoniløsing	150				150		188
Teknisk sektor	3 375	2 650	2 000	2 000	10 025	-	4 219
Kommunale vegar	700	700	700	700	2 800		875
Trafikksikring	300	300	300	300	1 200		375
Kommunale bygg	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000		1 250
Veglys Beitingen	825				825		1 031
Kostemaskin		500			500		-
Lesseapparat til strøsand	400				400		500
2 stk. saltspreiarar	150	150			300		188
Kyrkje	4 600	500	500	18 500	24 100	-	4 875
Kjøp av sentrumsareal	3 500				3 500		3 500
Restaurering av orgel	300				300		375
Nytt varmeanlegg og kabelnett	300				300		375
Utviding av kyrkjegard	500	500	500	18 500	20 000		625
Skular	73 600	22 300	200	-	96 100		91 875
Uteområde skular	300	200	200		700		375
Tilbygg Grasdal skule	32 500	3 500			36 000	37 300	40 625
Tilbygg Sagstad skule	40 000	17 100			57 100	59 100	50 000
Vestbygd skule - ombygging	300				300		375
Rossland skule - ventilasjon					-		-
Tilbygg Meland ungdomsskule					-		-
Uteareal Sagstad skule	500	1 500			2 000		500
Barnehage	250	250	10 000	20 000	30 500	-	312
Ny kommunal barnehage	250	250	10 000	20 000	30 500		312
Institusjon/kommunale bustader	13 200	10 000	20 000	20 000	63 200	-	13 225
Balkong omsorgsbustader Meland rådhus	100				100		125
Utleigebustader for vanskelegstilte	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000		10 000
Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn	3 100		10 000	10 000	23 100		3 100
Sum ordinære driftmidlar:	96 525	37 000	34 000	61 800	229 325	-	116 380
Andre kapitalutgifter							-
Startlån - vidareutlån	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000		6 000
Avdrag på startlån - Husbanken	2 320	2 000	2 000	2 000	8 320		2 320
Eigenkapitalinskot KLP	700	700	700	700	2 800		700
Sum andre kapitalutgifter:	9 020	8 700	8 700	8 700	35 120	-	9 020
Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter	105 545	45 700	42 700	70 500	264 445	-	125 400
Finansiering og kapitalinntekter							
Lån Husbanken for vidareutlån	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000		6 000
Mottekne avdrag startlån	1 500	1 600	1 600	1 600	6 300		1 500
Bruk av fond startlån	820	400	400	400	2 020		820
Mva-refusjon					-		19 855
Bruk av kapitalfond	2 000	700	700	700	4 100		2 000
Lån	95 225	37 000	34 000	61 800	228 025		95 225
Sum finansiering ordinære driftsmidlar:	105 545	45 700	42 700	70 500	264 445		125 400

15.1.1. IKT

IKTNH-prosjekter

Meland kommune sin del av fellesinvesteringar i IKT Nordhordland. Anslag på løpende investeringar, ikkje definert kva prosjekt som skal gjennomførast i økonomiplanperioden.

IKT Meland

Løpende investeringar i IKT utstyr i kommunen. Fast årleg sum til diverse tiltak.

Digitale tavler og Klassesett berbare PC-ar skulane

Investering i digitalt undervisningsmateriell på skulane.

Ny telefoniløysing

Planlagt ny telefoniløysing i 2016. Vil krevje noko investeringsmidlar.

15.1.2. Teknisk

Kommunale vegar

Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 1,5 mill. per år. For perioden 2016-2019 er det sett av kr 700 000 per år. Dette er mindre enn kva kommunedelplanen tilrår, men framleget er tilpassa totalrammene for dei kommunale investeringane.

Trafikksikring

Trafikksikringsplan for Meland kommune 2012-2016 er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. For økonomiplanperioden er det sett av kr 300 000,- årleg til trafikksikringstiltak. Dette er mindre enn ønskjeleg i høve til trafikksikringsplanen, men tilpassa totalrammene for dei kommunale investeringane. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.

Kommunale bygg

Vedlikehaldsplan for kommunale bygningar godkjent av kommunestyret 14.10.2015 legg premissane for det planlagde vedlikehaldet. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.

Veglys Beitingen

Revidert trafikksikringsplan er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. Veglys til Beitingen ligg inn som eit av tiltaka på kommunale veger. Tiltaket overskrid den årlege posten på trafikksikringstiltak, og er difor satt opp som eige prosjekt. Prosjektet må gjennomførast i samband med vassleidning Fløksand-Beitingen og er difor utsett til 2016. Samkøyring med vassleidning gjer prosjektet rimelegare å gjennomføre enn først antatt, og budsjettet for prosjektet er såleis noko redusert.

Lesseapparat til strøsand

For lessing av strøsand og snørydding i tronge bustadfelt

2 stk. saltspreiarar

Saltspreiarar til vintervedlikehald.

15.1.3. Kyrkja

Kjøp av sentrumsareal

I samband med kommuneplanen og områdeplan for Frekhaug sentrum må ein sjå på kommunen sitt behov for areal, mellom anna til ny kyrkjetomt. Det er lagt inn midlar til dette, men nærmere utgreiingar må til før ein veit korrekte beløp.

Restaurering av orgel

Orgelet er skadd av tørke og må restaurerast.

Nytt varmeanlegg og kabelnett til kyrkja

Varmeanlegget slik det er i dag kan påføre orgelet skadar og må skiftast før restaurering av orgelet.

Utvinding av kyrkjegard

Det er eit krav om at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbyggjarane til ein kvar tid. Prognosar viser at ein i rundt år 2017 ikkje lenger vil tilfredsstille dette kravet. Det er ønskjeleg at det vert bygd 600 nye gravplassar innan 2020. Ny kommuneplan med nytt areal for utvinding av kyrkjegard er godkjent. Planarbeid for utvindinga er planlagt å starte opp i 2016. Utvinding av kyrkjegard må også omfatte omlegging av veg som no går over kyrkjetunet.

15.1.4. Skular og barnehage

Uteområde skuler

Investeringar i uteområde for elevar og parkeringsplassar. Det er i 2016 planlagt at midlane hovudsakleg skal brukast på: Kommunal medfinansiering av opparbeiding av kunstgrasbane på Vestbygd skule og utgreiing/forprosjekt for fleire parkeringsplassar på Vestbygd skule.

Tilbygg Grasdalskule

Vedteke forprosjekt inneberer ei utbygging på ca. 1050 m². I tillegg kjem areal til ventilasjonsrom og ombygging i eksisterande skulebygg. Det skal byggast ut fleire nye klasse- og grupperom, spesialrom samt meir areal for personale. Tilbygget skal stå klart til skulestart hausten 2017. I mellomtida vil det bli nytta modulbygg for å sikre nok areal.

Tilbygg Sagstad skule

Vedteke forprosjekt inneberer ei utbygging på ca. 1700 m². I tillegg kjem loftsareal til lager og ventilasjonsrom og ombygging i eksisterande skulebygg. Det skal bli bygd ut fleire nye klasse- og grupperom, nytt musikkrom, allrom og areal for personale. Tilbygget skal stå klart til skulestart hausten 2017. I mellomtida vil det bli nytta modulbygg for å sikre nok areal.

Vestbygd skule – ombygging

Ombygging for å ivareta elevar med særskilte behov.

Rossland skule ventilasjon

Etablering av ventilasjonsanlegg på den eldste delen av skulen som er frå 1962. Dette gjeld personalflo og nokre spesialrom. Her er det berre naturleg ventilasjon i dag. Rossland skule vart i 2015 godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. På bakgrunn av godkjenninga og den samla vurderinga av investeringsnivået, er tiltaket flytta til seinare i økonomiplan perioden.

Tilbygg Meland ungdomsskule

Det er behov for 3 nye klasserom med tilhøyrande grupperom. Det er noko usikkert når tilbygget bør stå klart. Tiltaket er difor flytta til seinare i økonomiplanperioden.

Uteareal Sagstad skule

Kjøp og opparbeiding av uteareal for Sagstad skule. Skulen har i dag for lite oppholdsareal ute for elevane. Dette arealet vil bli enda mindre når skulen vert bygd ut samtidig som elevtalet aukar ytterlegare. Det bør settast i gang arbeid med å tilegne skulen meir areal som kan opparbeidast til skuleplass. Foreløpig er det lagt inn ei svært grov kostnadskalkyle som må oppdaterast når ein får kartlagt kor stort areal som bør skaffast. I 2016 lagt inn kr 500.000,- til kjøp ekskl. mva.

Ny kommunal barnehage

Prognosar viser at det etterkvart vil bli for lite kapasitet på barnehageplassar i kommunen. Prognosane er usikre, men ein reknar med at det kan bli aktuelt i slutten av økonomiplanperioden. Det er ønskjeleg og bygge ein ny stor kommunal barnehage.

15.1.5. Helse, sosial og omsorg

Balkong omsorgsbustader Meland rådhus

Leidgetakrar har i dag ikkje eige oppholdsareal ute, noko som er svært ynskjeleg å få til. I første omgang er det satt av pengar til eit forprosjekt for å utgreie ein balkong.

Utleigebustader for vanskelegstilte

Ny temoplan for Helse, sosial og omsorg 2015-2018 samt eigen Bustadmelding er under arbeid. Temaplan er strategisk dokument som skal følgjast opp med eigne Handlings- og tiltaksplanar for dei einskilde tenesteområder.

I høve busetting av flyktningar har Kommunestyret sak 49/2015 fatta vedtak om mottak av 23 flyktningar per år i perioden 2015-2017. Det er soleis trond for enda fleire kommunale utleigebustader. Det er ønskjeleg at kommunen eig desse bustadane framfor å leige dei. Det er no lagt inn kjøp av 5 bustader per år i planperioden. Storleik på hus samt lokalisering/bumiljø vert å vurdere. Det er eige investeringstilskot via Husbanken på inntil 40 % til det enkelte prosjekt.

Omsorgsbustader med heildøgns helse- og sosialteneste

Ny Temaplan for Helse, sosial og omsorg 2016-2019 samt eigen Bustadmelding er under arbeid. I 2016 er det vurdert behov for å kjøpe ein ny einebustad grunna behov for rehabilitering av eldre kommunal bustad som per tid vert nytta med forsterka tenesteyting .

Ferdigstilling av temaplan kan medføre endringar i prioriteringar, men per tid er det lagt føringar for at kommunen i 2018 bør bygge nye omsorgsbustader sentralt i Meland - 12 stk. bueiningar med fellesareal. Bygningsmasse kan både vurderast å vere samla i 1 bygg eller delast i 2 separate bygg (til dømes 2 x 6 einingar). Målgruppa er personar som treng tenester på ulike tider av døgnet. Omfang av tenester vil kunne variere gjennom døgnet og over tid. Dette kan inkludere personar med langvarig somatisk sjukdom, ulik type funksjonsnedsetting, rusvanskar og/eller psykiske lidinger. I tillegg er det lagt inn midlar til kjøp av eit par frittliggjande omsorgsbustader. Det er eige investeringstilskot via Husbanken der Husbanken dekker inntil 45 % av kostnadene til oppføring

15.1.6. Ikkje prioriterte tiltak, ordinære driftsinvesteringar

Kommunale kaier

Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 0,5 mill. per år.

Kostemaskin

Kommunen bruker i dag innleidd maskin, men behovet er så stort at det bør kjøpast inn ein eigen maskin. Maskina skal nyttast til reingjering av kommunale vegar. Støv og sand frå trafikkerte områder er både miljømessig og helsemessig til ulempe.

Grasklyppar til kyrkjegården

Utskifting av eksisterande grasklyppar grunna alder

Idrettshall/Symjehall

Det er eit stort behov for ny idrettshall i kommunen. Både Sagstad skule og Meland ungdomsskule manglar gymsal. Dei lokala som i dag vert leidt (Meland Aktiv, Nordhordland folkehøgskule) byrjar å få lite kapasitet. Ved bygging av ein ny idrettshall er det ønskjeleg å bygge eit anlegg som kan nyttast i fleire samanhengar og også kunne fungere som eit regionalt anlegg. Her vil det også kunne vere ønskjeleg å etablere eit nytt symjebasseng. I dag er det berre Rossland skule som har symjebasseng. Bassenget er av eldre dato, og vil ha ei avgrensa levetid. Tiltaket er førebels ikkje utgreidd ettersom det ikkje er funne rom for det i økonomiplanperioden.

Helsehus

Det er behov for samlokalisering og større lokale til fastlege, helsestasjon, fysioterapi og psykiske helsetenester på Frekhaug. Grunna usikkerheit knytt til framtidig bruk av Meland rådhus i ein eventuell ny kommunestruktur, er det ikkje lagt inn noko midlar til helsehus i denne økonomiplanperioden.

15.2. Andre kapitalutgifter

Andre kapitalutgifter er:

- Eigenkapitalinnskot i KLP for å dekke opp for auka pensjonsforpliktingar er rekna til å verte kr 700.000,- for 2016. Rådmann gjer framlegg om at dette vert finansiert med bruk av kapitalfond.
- Kommunen fekk i 2015 litt mindre lån enn tidlegare år grunna at vi ikkje har klart å bruke opp det vi tidlegare har fått i lån. Vi har difor lagt oss på eit forsiktig beløp til utlån per år i økonomiplanperioden med kr 6 mill. per år, men ser for oss å auke dette dersom vi aukar tildelinga av lån. Vidareutlån vert bokført som kapitalutgift og innlånet frå Husbanken som bruk av lån.
- Betaling av avdrag på startlån skal førast i kapitalrekneskapen. Vi har ikkje rekna i detalj på kor mykje avdraga frå vidareutlån vi kan rekne med å få inn i 2016, men gjer ein føresetnad om at mottak av avdrag er noko lågare enn summen som vi skal betale i avdrag på innlån av startlån frå Husbanken. Eventuelle avvik mellom desse avdraga skal då førast som bruk av / tilgang på fond, og vil ikkje ha nokon netto effekt på driftsrekneskapen eller kapitalrekneskapen.

15.3. Investeringar vassverk og avlaup (VA)

Framlegg til investeringar er basert på vedteken tiltaksplan for Vassforsyning, avlaup og vassmiljø.

Investeringane er planlagt som ein heilskap for å oppfylle målsetjingane i denne planen, og endringar i investeringsnivå krev at tiltaksplanen må revurderderast. Total er investeringsframlegget for 2016 innan Vassverk og Avlaup på kr 39,6 mill., og kr 175,6 mill. i heile økonomiplanperioden. I forhold til økonomiplanen for 2016 – 2019 er investeringsnivået i 2016 nesten halvert, frå kr 71,8 mill., og prosjekta skjøve noko ut i tid, men totalt i perioden er nivået tilsvarande det i økonomiplanen.

Merk og at alle investeringar i VA-området vert budsjettert og bokført netto ekskl. mva., slik at det ikkje er trong for å ta omsyn til mva-refusjon på VA-området.

Investeringar i Vassverk og avlaup (sjølvkostfin.)	2016	2017	2018	2019	Sum 16-19	Sum prosjekt
Vatn	27 200	45 600	40 200	11 600	124 600	
Vassleiding Ådlandsvågen - Landsvik	12 000				12 000	15 000
Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal	2 500	35 000	6 600		44 100	44 600
Vassleidning Fløksand-Beitingen	11 400				11 400	12 400
Vassleidning Tveit-Holme			3 600		3 600	3 600
Vassleiding Landsvik-Rossland	500	10 600	11 100		22 200	22 200
Vassleiding Vollo-Brakstad			12 300		12 300	12 300
Nytt høgdebasseng Rossland				5 000	5 000	5 000
Vassleidning Littlebergen-Frekhaug			6 600	6 600	13 200	13 200
Vassleidning Littlebergen-Flatøy-Knarvik					-	-
Gravemaskin (delsum)	300				300	300
VA-kryssing E39	500				500	750
Avlaup	12 400	9 000	21 600	8 000	51 000	
Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit	800	6 000	5 000		11 800	11 800
Sanering Fløksand	3 000				3 000	3 000
Sanering Brakstad		2 000	6 100		8 100	8 100
Oppgradering Varnappen reinseanlegg	1 000				1 000	1 000
Overføring Leirdalen-Eikeland			4 500		4 500	4 500
Separering Grønlandsområdet	6 500				6 500	7 500
Sanering Rosslandspollen		1 000	6 000	8 000	15 000	15 000
Spylevogn	300				300	300
Gravemaskin (delsum)	300				300	300
VA-kryssing E39	500				500	750
Sum VA-investeringar:	39 600	54 600	61 800	19 600	175 600	
Lån:	39 600	54 600	61 800	19 600	175 600	
Sum finansiering:	39 600	54 600	61 800	19 600	175 600	

15.3.1. Vassverk

I 2016 er det budsjettet med totalt kr 27,2 mill. i Vassverksanlegg, og i økonomiplanperioden 2016 – 2019 er det lagt opp til investeringar på i alt kr 124,6 mill. Dette er litt lågare enn nivået i økonomiplanen vedteken i juni, der det var lagt opp til investeringar i vassverk på kr 127,5 mill. i perioden.

Investeringsnivået i 2016 var i økonomiplanen estimert til 57 mill. Vi ser at vi ikkje har kapasitet til gjennomføring av investerings-programmet så raskt, og investeringane er difor skjøve noko ut i tid.

Vassleidning Ådlandsvågen – Landsvik

For å unngå nye tiltak og investeringar for Husebø vassverk vil ein tilrådå å kople Husebø til Meland vassverk ved bygging av ein leidning frå Ådlandsvågen ned til Riplevika og vidare i sjøleidning over til Landsvik, der leidningen vert kopla til eksisterande vassleidning. Då Mattilsynet har stilt krav om oppgradering av Husebø vassverk, vil ein tilrådå at sambandet mellom Meland vassverk og Husebø vassverk vert bygd snarast. Husebø vassverk kan avviklast når Husebø forsyningsområde er knytt til Meland vassverk.

Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal

For å sikre Meland kommune godt, nok, og sikkert vatn i framtida vert det tilrådd å bygge ut eitt hovudvassverk i kommunen. Dette er også i samsvar med kommuneplanen for 2014-2025. Nytt hovudvassverk vert tilrådd bygd som eit fullreinseanlegg i nærleiken av eksisterande Meland vassverk i Hestdalen. Det er avsett areal til dette i kommuneplan for 2014-2025. Storavatnet vil bli ny råvasskjelde. Dagens inntak i Kvernavatnet og Storavatnet vert haldne ved like som kriseforsyning. Skisseprosjekt startar opp hausten 2015.

Vassleidning Fløksand-Beitingen

For å sikre vassforsyninga til Rossland vil ein tilrådå bygging av ny leidning frå Fløksand til Beitingen. Denne leidningen vil gje ei ringleidning som gjev ei tryggare forsyning til Rossland.

Vassleidning Tveit-Holme

I samband med legging av ny avlaupsleidning frå Tveit til Holmeknappen vert det tilrådd å oppgradere eksisterande leidning frå Tveit til Holme i felles grøft med avlaupsleidning.

Vassleidning Landsvik-Rossland

For å sikre vassforsyninga til Husebø og Rossland, og klarlegge for nytt høgdebasseng på Rossland, vert det tilrådd ein ny leidning frå Landsvik til Rossland. Dette vil gje eit ringsamband som gjer det mogeleg å forsyne Husebø også frå Rossland ved eventuell driftsstans for den nye sjøleidningen Riplevika-Landsvik. Vidare vil også Rossland få betre sikring fordi det vil vere mogeleg å forsyne Rossland gjennom ny sjøleidning Riplevika-Landsvik.

Vassleidning Vollo-Brakstad

I samband med bygging av ny avlaupsleidning frå Vollo til Brakstad vil ein tilrådå ei oppgradering av eksisterande leidning frå Vollo til Brakstad i felles/delvis felles grøft med avlaupsleidning.

Høgdebasseng Rossland

For å gje betre sikring av forsyninga i den nordvestlege delen av kommunen vil ein tilrådå å bygge eit høgdebasseng på Rossland. Denne delen av kommunen har ikkje nokon form for utjamning/magasinering.

Eit høgdebasseng vil gje god sikring også mot evt. leidningsbrot på overføringsleidningen frå Meland vassverk. I tillegg vil eit høgdebasseng her betre trykktihøva i nettet. Etter legging av sjøleidningen frå Riplevika til Landsvik kan ein få ujamne trykktihøve som kan utjamnast i eit høgdebasseng.

Vassleidning Littlebergen – Frekhaug

For å sikre forsyninga til Frekhaug og legge til rette for vidare utbygging både på Frekhaug og Flatøy vil ein tilrå bygging av ein ny vassleidning frå Littlebergen til Frekhaug. Denne leidningen bør sjåast i samanheng med Nordhordlandspakken og planlagt utviding av FV 245.

Vassleidning Littlebergen- Flatøy-Knarvik

Det har lenge vore eit ønske om å betre beredskapen i vassforsyninga gjennom eit interkommunalt samarbeid. I tillegg er det behov for meir kapasitet på vatn for framtidig utbygging i Midtmarka. Ein vil kome tilbake med kalkyle så snart tiltaket er nærmere utgreidd gjennom ny rammeplan for vassforsyning for Flatøy.

Gravemaskin

Den gamle gravemaskina er snart utslitt og har store årlege reparasjonskostnader. Kostnaden til ny maskin er delt på vatn og avlaup.

VA-kryssingar Flatøy

Vegvesenet er i full gang med å utvide vegen på Flatøy for å etablere midtdelarar. På sikt vert det også lagt opp til ein 4-feltsveg. I samband med dette er det viktig å sikre at nødvendig infrastruktur for vatn- og avlaup vert etablert, også under vegen. Tiltaket er delt mellom vatn- og avlaup.

15.3.2. Avlaup

I 2016 er det budsjettet med totalt kr 12,4 mill. i Vassverksanlegg, og i økonomiplanperioden 2016 – 2019 er det lagt opp til investeringar på i alt kr 51 mill. Dette er litt høgare enn nivået i økonomiplanen vedteken i juni, der det var lagt opp til investeringar i avlaup på kr 48,5 mill. i perioden. Investeringsnivået i 2016 var i økonomiplanen estimert til 14,8 mill., og nokre av investeringane er difor skjøve litt ut i tid.

Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit

I 2011-2012 vart det bygd felles vassforsynings- og avlaupsleidningar mellom Vollo og Tveit vegkryss, langs Brakstadvassdraget. I tillegg er det etablert leidningsanlegg langs ei strekning forbi barnehagen på Holme. Desse tiltaka er ein del av eit større prosjekt med å avlaupsantere Brakstadvassdraget. Førebels er ingen tilknytt avlaupsanlegget. For å gjere ferdig saneringstiltaket må det byggjast reinseanlegg og utslepp ved Holmeknappen, og avskjerande leidningsanlegg opp til fv.564 – og vidare opp til vegkrysset på Tveit, der det vert tilkopla eksisterande avlaupsleidning. Dette tiltaket var og med på investeringsplanen i hovudplanen 2010-2014, men vart ikkje utført.

Sanering Fløksand

I samband med vassleidning Fløksand-Vikebø er det bygd leidningsanlegg for avlaup langs delar av Fløksandvegen. I dette tiltaket inngår bygging av reinseanlegg (slamavskiljar) og utsleppsleidning. I tillegg vert avlaupsanlegget utvida langs Vestbygdvegen, for å utløse bustadfeltet på austsida av fylkesvegen.

Sanering Brakstad

På nordvestsida av Brakstadvatnet er det om lag 30 bustader og noko næring (samla ca. 120 pe), der avlaupsvatn drenerer til vassdraget. Avlaupsvatnet vert samla i ei ny pumpestasjon langs vegen, og overført mot Fløksand i vest. Leidningsanlegget må førast fram til utbygd anlegg på Fløksand. Saneringstiltaket er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget, og var med i handlingsplanen 2010-2014 (med ei anna løysing).

Oppgradering Varnappen reinseanlegg

Varnappen RA er i dag ikkje tilrettelagt for å dokumentere mengde eller kvalitet på reinsa avlaupsvatn (alternativt reinseeffekt). Dette er eit krav i avlaupsregelverket (frå 1.1.2007) for utslepp i tettstader > 1000 pe (som Frekhaug). Innhold av suspendert stoff i avlaupsvatnet skal målast kvar månad, slik at ein kan dokumentere om utsleppet stettar det nasjonale minstekravet til innhold/reinseeffekt for denne type anlegg og recipient. Det må etablerast punkt for å hente ut representative vassprøvar (mengdeproporsjonal prøvetaking), og det må installerast mengdemålar.

Overføring Leirdalen-Eikeland

Ein ønskjer å avlaste pumpestasjonen i Vikebø, og den lange utsleppsleidningen gjennom Rosslandspollen. Det er satt av eit stort område til bustadføremål sør for Leirdalen, området drenerer til Leirdalen der kommunen allereie har pumpestasjon (for bustader og verksemder på Ryland) som overfører avlaupsvatn mot Vikebø. Tiltaket går ut på å etablere overføringsanlegg mellom eksisterande pumpestasjon og eksisterande avlaupsnett på Eikeland (i sør-vest), og "snu" pumperetninga. Avlaupsanlegget på Eikeland blir bygd ferdig med reinseanlegg (slamavskiljar) og utslepp i 2014. Avlaup frå ca. 130 pe vert då overført til Eikeland, og avlasta frå reinseanlegget på Vikebø. I tillegg kjem avlaup frå framtidige utbyggingsområde.

Separering Grønlandsområdet

Det er behov for å redusere vassmengda som går i overlaup rundt reinseanlegget på Varnappen. Vassmengde og –kvalitet er sterkt påverka av nedbør. Hovudårsaka er at det kjem inn mykje framandvatn i nettet frå bustadfeltet på Grønland. Overvatn frå tak og vegsluk er i dag kopla direkte inn på det kommunale avlaupssystemet, og i periodar med langvarig eller kraftig nedbør blir mengdetilførselen høgare enn kapasiteten til reinseanlegget. Overvatn bør separerast frå sanitært avlaupsvatn i området, det bør byggjast eige overvass-system som leier "reint" overvatn til nærmeste bekk/terring

Sanering Rosslandspollen

Rosslandspollen er ei innelukka og sårbar recipient med dårleg vassutskifting. Oppsamla avlaup ved Ryland-Vikebø vert ført ut av pollen gjennom ei lang pumpeleidning, til utslepp i Herdlefjorden. Men det er mange bustader i Rossland-, Skurtveit- og Io-området som har direkte/indirekte avlaupsutslepp til pollen. Sjølv om det i seinare tid er sett krav til reining i minireinseanlegg frå spreidd busetnad i nedslagsfeltet, er det eit langsiktig mål å få sanert Rosslandspollen for alle utslepp. Oppsamla avlaupsvatn bør leiaut i det opne fjordsystemet, Herdlefjorden.

Det er relativt store avstandar og komplisert terrell i nedslagsområdet, og det bør utarbeidast ei samla plan for korleis ein kan sanere eksisterande utslepp til Rosslandspollen og overføre avlaupsvatnet til Herdlefjorden.

Spylevogn

Den gamle vogna er for svak. For spyling av kummar og leidningar.

Gravemaskin

Den gamle gravemaskinen er snart utslitt og har store årlege reparasjonskostnader. Kostnaden til ny maskin er delt på vatn, avlaup.

VA-kryssingar Flatøy

Vegvesenet er i full gang med å utvide vegen på Flatøy for å etablere midtdelarar. På sikt vert det også lagt opp til ein 4-feltsveg. I samband med dette er det viktig å sikre at nødvendig infrastruktur for vatn- og avlaup vert etablert, også under vegen. Tiltaket er delt mellom vatn- og avlaup.

15.4. Sum alle investeringar og finansiering

<i>Alle tal i heile 1000 kr</i>	Ekskl. MVA					Inkl. MVA
Investeringer:	2016	2017	2018	2019	Sum 16-19	2016
Sum ordinære driftmidlar:	96 525	37 000	34 000	61 800	229 325	116 380
Sum andre kapitalutgifter:	9 020	8 700	8 700	8 700	35 120	9 020
Sum VA-investeringar:	39 600	54 600	61 800	19 600	175 600	39 600
Sum alle investeringar:	145 145	100 300	104 500	90 100	440 045	165 000
Finansiering:						-
Lån Husbanken for vidareutlån	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000	6 000
Mottekne avdrag startlån	1 500	1 600	1 600	1 600	6 300	1 500
Bruk av fond startlån	820	400	400	400	2 020	820
Mva-refusjon	-	-	-	-	-	19 855
Bruk av kapitalfond	2 000	700	700	700	4 100	2 000
Lån	134 825	91 600	95 800	81 400	403 625	134 825
Sum finansiering alle investeringar:	145 145	100 300	104 500	90 100	440 045	165 000

I sum budsjetterer vi med kr 165 mill. i investeringar inkl. mva for 2016. I økonomiplanperioden 2016 – 2019 viser oppdatert investeringsplan investeringar for i alt kr 440 mill. Rådmann gjer framlegg om å finansiere investeringane i 2016 med kr 144,825 mill. i nye lån inkl. 6 mill. i lån til vidareutlån, kr 1,5 mill. i motteke avdrag på utlån, kr 2,82 mill. som bruk av kapitalfond og kr 19,855 mill. i mva-refusjon.

16. ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK

«1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2016. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2016 slik:

- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.
- Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.
- Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.
(Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar, utgifter til avskrivingar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 422,74 mill.

3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2016. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2016.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2016. Eigedomsskatten for 2016 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2016. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2016.

5. Framlegg til brutto investeringar i 2016 er totalt kr 155,980 mill. Av dette kr 116,380 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 39,6 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2016 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 134,825 mill.
Kapitalfond til investeringar	kr 1,30 mill.
Mva-refusjon	kr 19,855 mill.

6. Kr 6,0 mill. vert sett av til vidareutlån av startlån.

Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 6,0 mill.

Det vert i tillegg budsjettert med følgjande postar knytt til startlån:

- a. Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.320.000,-
- b. mottak av avdrag på vidareutlån med kr 1.500.000,-.
- c. Bruk av fond til startlån kr 820.000,-.

7. Eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettert med kr 700.000,- finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-»